




Viltet i Lindås

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane



Lindås kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2015

Fylkesmannen i Hordaland

Miljøvern avdelinga

MVA-rapport 2/2015

Viltet i Lindås

Kartlegging av viktige viltområde
og status for viltartane

Lindås kommune og
Fylkesmannen i Hordaland
2015

MVA-rapport 2/2015

Ansvarlege institusjonar: Lindås kommune og fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 2/2015
Tittel: Viltet i Lindås. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	ISBN: 978-82-8060-105-6
Forfattarar: Morten Wilhelmsen, Ola Moen og Olav Overvoll	Tal sider: 67
Kommunalt prosjektansvarleg: Nils Kaalaas	Dato: 20.3.2015

Samandrag:

Denne rapporten presenterer resultata frå ei kartlegging av viktige viltområde i Lindås kommune. Målet med kartlegginga har vore å gi kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga, og å presentere ein kunnskapsstatus for dei ulike viltartane i kommunen.

Alle artar som er registrert i kommunen innan gruppene amfibiar, krypdyr, fugl og landpattedyr er omtalt i rapporten, men berre eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt. Det er særleg lagt særleg vekt på truga og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle krav til leveområde.

Med grunnlag i lokalkunnskap og observasjonar er det laga eit kart over forslag til "prioriterte viltområde" der omsynet til viltet blir tilrådd høg vekt i arealplanlegginga. 15 område i Lindås er plukka ut som prioriterte viltområde, av desse peikar fire lokalitetar for sjøfugl seg ut som særleg viktige.

Totalt er det registrert 238 viltartar i Lindås kommune: 2 amfibium, 1 krypdyrart, 211 fugleartar og 24 pattedyrtartar.

Viltrapporten peikar òg på nokre område der kunnskapen om viltet bør betrast. Gjennom supplerande feltundersøkingar og kontroll av innmeldte opplysningar, vonar ein at viltkarta over tid kan bli meir presise og komplette.

Situasjonen for viltet kan endre seg, både naturlig og som følgje av tekniske inngrep. Ny kunnskap kan òg kome til. Difor er det nødvendig å ajourføre kartet over prioriterte viltområde med jamne mellomrom.

Referanse:

Wilhelmsen, M., Moen, O. & Overvoll, O. 2015. Viltet i Lindås. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2015: 69 s.

Emneord:

Lindås kommune, viltkartlegging, biologi, zoologi, amfibiar, krypdyr, fuglar, pattedyr

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø Tlf: 56 37 50 00 www.lindas.kommune.no	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern- og klimaavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55 57 20 00 www.fylkesmannen.no/hordaland
--	--

FORORD

I Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling* vart det sett som mål at alle kommunar i Noreg skulle gjennomføra kartlegging og verdisetting av biologisk mangfald på sitt areal. Tanken bak dette er at vi må vite kva verdiar vi har for å kunne ta vare på dei. At kartlegginga skal skje på kommunalt nivå, er òg eit viktig moment fordi ein stor og viktig del av arealplanlegginga skjer i kommunane. Kommunane si rolle er òg framheva i Stortingsmelding nr. 31 (1992-93) *Den regionale planlegginga og arealpolitikken* der det står at kommunane sjølv må innarbeide omsynet til det biologiske mangfaldet i eiga planlegging og verksemnd.

I 2003 vedtok Stortinget at Noreg skal stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010. Dette er ei oppfølging av eit vedtak som vart gjort under FN sin konferanse om miljø og utvikling i Johannesburg i 2002. Der vart det avgjort at tapet av biologisk mangfald skulle reduserast vesentleg innan 2010. I 2010 vart det halde eit nytt møte i Nagoya, Japan for medlemslanda i konvensjonen om biologisk mangfald, der målsetjinga vart fornya til 2020. Denne målsetjinga har gitt arbeidet med å kartleggja og ta omsyn til viktige naturverdiar endå større aktualitet.

Viltkartlegginga er ein viktig del av arbeidet med å få betre oversikt over det biologiske mangfaldet i Lindås. Kommunen har tidlegare gjennomført kartlegging av viktige naturtypar, der først og fremst botaniske verdiar er vektlagt.

Viltkartlegginga har vore eit spleislag mellom kommunen og fylkesmannen. Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført i to omgangar. I 2003 vart Vigleik Stusdal engasjert av kommunen for å samle inn informasjon om viltet basert på intervju med lokalkjende. Han gjorde ein god og grundig jobb, også med å få opplysningane systematiserte og teikna inn på kart. I 2009 vart Morten Wilhelmsen engasjert av kommunen for å utarbeide ein skriftleg rapport om viltet i Lindås. I samband med dette har det òg blitt gjort supplerande undersøkingar i felt for å betre kunnskapsgrunnlaget. Resultatet er denne rapporten.

Vi håpar at viltkartlegginga kjem til nytte i den kommunale arealplanlegginga og at både kommunen og private aktørar ser på opplysningane som eit grunnlag for å kunne ta omsyn, og ikkje som eit hinder. Dei avmerkte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der det blir tilrådd at viltinteressene blir tillagt større vekt enn elles. Det er òg eit ønskje at viltrapporten skal vere med på å auka kunnskapen og interessa for viltet både blant politikarar, kommunalt tilsette og kommunen sine innbyggjarar elles.

Knarvik, mars 2015

Nils Kaalaas

INNHOLD

FORORD.....	5
INNHOLD	7
1. INNLEIING	9
BAKGRUNN	9
LOVGRUNNLAG.....	9
INTERNASJONALE AVTALAR.....	9
ANDRE SENTRALE DOKUMENT	10
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR?.....	10
2. OM VILTKARTLEGGING	11
UTFORDRINGER VED VILTKARTLEGGING	11
KVA SKAL KARTLEGGAST?	11
UTFORMING AV VILTKART	11
KORLEIS BRUKE VILTKARTA?	12
VILTRAPPORTEN.....	12
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET	12
NATURBASE OG ÅRTSKART.....	12
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA	12
3. ARBEIDET MED VILTKARTLEGGINGA I LINDÅS.....	14
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET	14
DATAGRUNNLAG.....	14
RAPPORT OG KART	14
4. NATURGRUNNLAGET	15
GEOGRAFI OG AREALBRUK	15
LANDSKAP OG GEOLOGI	15
KLIMA	15
NATURTYPAR.....	15
5. FORSLAG TIL PRIORITERTE VILTOMRÅDE I LINDÅS	17
SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE	17
VIKTIGE VILTOMRÅDE	20
NATURRESERVAT I LINDÅS	20
VIKTIGE BEITEOMRÅDE OG TREKKVEGAR FOR HJORT	21
6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I LINDÅS	22
RAUDLISTER	22
VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET	22
7. STATUS FOR VILTET I LINDÅS.....	24
AMFIBIUM	24
KRYPDYR	24
FUGLAR.....	24
PATTEDYR	45
8. FORSLAG TIL VIDARE KARTLEGGING	49
9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTET	50
SKOGBRUK	50
JORDBRUK.....	50
FRILUFTSLIV OG FERDSEL.....	51
JAKT	51
FAUNAKRIMINALITET	51
NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE	51
VEGAR	51
VASSDRAGSREGULERING	51
KRAFTLEIDNINGAR.....	52
AVFALL	52
FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR	52
10. LITTERATUR.....	53
RESSURSAR PÅ WEB.....	53
11. ARTSLISTE	53
12. KART	61

1. INNLEIING

BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustader, hytter, industriområde og andre naturinngrep legg eit stådig større press på areala. I denne samanhengen er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet.

Bakgrunnen for å lage ei oversikt over viktige viltområde er først og fremst eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga på lokalt nivå, gjennom kommune-planen sin arealdel.

Dei offentlege brukarane av viltplanen vil først og fremst vere kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen og Miljødirektoratet. Planen vil òg vere tilgjengeleg for konsulentar og private utbyggjarar i samband med konsekvensanalysar og private reguleringsplanar. Det er òg eit ønskje at vitrapporten skal vere med på å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at informasjonen blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare oversikter over viltartar og leveområda deira hadde ofte fokus på jaktbare artar. Nye oversikter er meir omfattande, og skal i prinsippet omfatte alle vittlevande landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr. Det er òg høg fokus på trua og sårbare artar, og andre artar som av ulike årsaker krev særlege omsyn.

Det er vanskeleg å få full oversikt over leveområda til alle viltartar, og det er heller ikkje nødvendig forvaltingsmessig sett. Det er det gjort eit utval av kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvaltningsmessige omsyn meiner det er viktig å få oversikt over. Typiske døme er særleg viktige trekkevegar for hjortevilt, hekkeplassar for rovfugl, spellassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (ier eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av truga og sårbare artar står sjølv sagt også sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Naturmangfaldlova er den mest sentrale, men òg ulike sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

Naturmangfaldlova omfattar all natur, og er den mest sentrale og omfattande enkeltlova når det gjeld naturforvalting. Den regulerer forvalting av artar, områdevern, framande organismar, utvalde naturtypar og prioriterte artar. Kapittel II fastset forvaltingsmål for artar, naturtypar og økosystem, og

lovfestar ei rekke miljørettslege prinsipp, m.a. føre var prinsippet og prinsippet om økosystemforvalting og samla belastning.

Plan- og bygningslova pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa, der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet, og særleg viktige funksjonsområde må vere kartfesta om slike finst.

Viltlova legg rammer for forvaltninga og utøving av jakt og fangst. Føremålsparagrafen, §1, fastslår at *viltet og viltet sine leveområde* skal forvaltaast i samsvar med naturmangfaldlova, og slik at naturen sin produktivitet og artsmangfald blir bevart.

Skoglova legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt føremål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men lova fastslår òg at det skal leggjast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr og som område for jakt og fiske. I Hordaland er det mykje fjell, og ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17%), men skogsmiljøa er viktige viltbiotopar. Forvalting og drift av desse områda er difor svært viktige i viltforvaltings-samanhang.

Friluftslova skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men lova nemner òg at ferdsel i utmark skal føregå omsynsfullt overfor grunneigarar, brukarar og andre. Ein skal difor òg ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.

Lov om motorferdsel i utmark har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt føremål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen". To tilhøyrande forskrifter av 1988 er òg sentrale her.

INTERNASJONALE AVTALAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad.

Ramsarkonvensjonen (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.

Washingtonkonvensjonen – CITES (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.

Bernkonvensjonen (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.

Bonnkonvensjonen (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).

Riokonvensjonen eller *biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikta til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den internasjonale avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvalting. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsettjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse måla.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning.

- St. melding nr. 15 (2003-2004) Rovdyr i norsk natur.
- St. melding nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.
- St. meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR?

Årsakene til at vern av viltet har blitt gjenstand for både nasjonale lovverk og internasjonale avtalar er mange, men handlar i stor grad om at vi ved å skape eit godt livsmiljø for alt levande, også skapar eit godt livsmiljø for oss sjølve. Her er nokre argument som ofte blir trekte fram:

Etiske argument

Alle artar har eigenverdi og rett til å leve vidare på jorda. Vi har eit ansvar for å forvalte det biologiske mangfaldet, og overlate det i god stand til komande generasjonar.

Økologiske argument

Artsmangfaldet er kjelda til vidare evolusjon. Biologisk mangfald er ein føresetnad for å oppretthalde økologiske system som også menneska er avhengige av.

Materielle og økonomiske argument

Mennesket er avhengig av naturprodukt. Vi kan framleis finne nye artar som kan nyttast til mat, medisin og industriprodukt.

Kulturelle og sosiale argument

Naturen er ei kjelde til kreativitet, opplevelingar og inspirasjon. Artsmangfaldet er ein del av kulturarven, og er med på å auke livskvaliteten vår.



Fossevatna naturreservat er eit viktig våtmarksområde i Lindås. Foto: M. Wilhelmsen.

2. OM VILTKARTLEGGING

UTFORDRINGAR VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/ynglelass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpassingsdyktige og kan finnast i ei rekke ulike biotopar.

Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønsehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km². Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til storleik på leveområde. T.d. reknar ein med at ei hogauge med to ungar treng eit leveområde på ca. 500 km². Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km².

Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er den aktuelle arten si økologiske nisje og næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar med ungar treng, kan variere geografisk, alt etter lokale forhold. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storleik og kvalitet.

KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert, og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Spelplassar for storfugl (og orrfugl dersom dei har høgt tal fuglar og er velavgrensa, t.d. ei myr).
- Viktige funksjonsområde for spettar ("spettelier"). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Viktige funksjonsområde for "våtmarksfugl" (m.a. hekkeområde og viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige funksjonsområde for "sjøfugl" (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Amfibium: Leveområde for stor salamander og særleg viktige yngleområde for frosk og padde.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).

Særleg viktige vinterbeite og trekkvegar hjort, elg og rådyr, kan vere aktuelle å kartfeste om slike er kjent. Trekkvegar som kryssar bilvegar og jernbane er særleg aktuelle i samband med trafikktryggleik. I tettbygde strok, kan det vere viktig å setje av korridorar, dersom ein ser at det kan vere fare for at vidare utbygging kan hindre dyra si naturlege vandrings mellom område.

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spellassar. Det er langt vanskelegare å avgrense ein art sitt leveområde, særleg når

det gjeld arealkrevjande artar, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltingsmessige utfordringar til fordi leveområda, grunna storleiken, ofte blir utsett for fragmentering. Blant dei mest aktuelle artane i Hordaland er villrein i indre fjellområde, og dei skoglevande fugleartane hønsehauk, storfugl og kvitryggspett.

Andre område som er stabile over fleire år og lett å kartfeste, blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ramn. Desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltingsmessig prioritet.

UTFORMING AV VILTKART

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsverktøy, og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter eigne behov.

Å samle alle viltopplysningsane på eit kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneholder for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart har det vore vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

- 1) *Hjortevilt*. Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkvegar.
- 2) *"Småvilt"*. Oversikt over viktige førekomstar og funksjonsområde for andre artar enn hjortevilt. I praksis dreier dette seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekomstar av amfibium kan òg vere viktig å kartfeste, t.d. alle førekomstar av stor salamander og særleg store yngleplassar for frosk og padde.
- 3) *Sensitive opplysningar*. Nokre opplysningar er unntake offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmenn kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld særleg hekkeplassar for enkelte rovfuglartar. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar i kommunen og hos fylkesmannen, og vil først og fremst bli nytta i tilfelle der ein står framfor konkrete arealinngrep.
- 4) *Prioriterte viltområde (spesielt viktige viltområde)*. Dette kartet viser dei antatt viktigaste viltområda i kommunen. I skog er det ofte gjort ei skjønsmessig vurdering av utstrekkinga av dei viktigaste leveområda for sårbare og arealkrevjande artar. Dei prioriterte viltområda er område der ein anbefalar å gi viltet høg prioritet i arealforvaltinga. Kartet over desse områda vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga, og det bør leggjast ved som eige temakart i kommuneplanen.

Svært viktige viltområde

Område som ut frå artsførekomstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige for viltet. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt avgjerande vekt i arealplanlegginga. Det bør ikkje gjerast tekniske inngrep som fører til vesentlig reduksjon av områda sin verdi for viltet. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar er det viktig å trekke inn viltfagleg kompetanse tidleg i planprosessen, slik at ein kan kome fram til løysingar som gjer negative konsekvensar så små som råd.

Viktige viltområde

Område som ikkje blir rekna som like viktige som dei svært viktige viltområda, men også her bør viltinteressene ha høg vekt i planprosessar.

Mange mindre område som ikkje er markert på viltkarta, kan òg reknast som viktige viltbiotopar. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmårk, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn og tjørn, og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreiingskorridorar.

KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt bruk i kommunal arealforvalting. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der omsynet til viltet bør ha høg prioritet. Der som det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør meir detaljerte opplysningar frå dei andre temakarta, der slike finst, nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd.

Ofte vil det vere naudsynt med supplerande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der artopplysningane er av eldre dato eller er usikre eller mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjoner på vanleg næringsverksemnd som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn, og å rádføre seg med personar med biologisk fagkompetanse. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplerande undersøkingar.

VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartverket. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte vilt-

områda med ei grunngjeving for kvifor dei har fått prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTEL

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar.

Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil, gjennom kjennskap til kart og rapport, kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

Gjennom Fylkesmannen og Miljødirektoratet blir datasetta fagleg vurderte og lagt inn i Naturbase.

NATURBASE OG ARTSKART

Naturbase (naturbase.no) er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon. Her blir både viktige naturtypar og artsførekomstar registrert og gjort til gjengeleg for allmenta.

Datasetta frå viltkartlegginga og kartlegging av naturtypar blir kvalitetssikra av fylkesmannen og Miljødirektoratet før innlegging i Naturbase.

Det er viktig å merke seg at fleire av dei litt større prioriterte viltområda frå viltkartlegginga ikkje blir lagt inn i Naturbase. Årsaka til dette er at desse områda meir er å sjå på som tilrådde forvaltingsområde, og ikkje som funksjonsområde for enkeltartar.

Artskart (artskart.artsdatabanken.no) er ei innsynsløsing for artsførekomstar, som er etablert av Artsdatabanken. Innsynsløysinga "haustar" opplysningar frå mange andre databasar, m.a. universitetsdatabasane og rapportsystemet for artar. Opplysningane i Artskart blir i hovudsak presentert som punkt, og er mindre eigna til bruk i arealforvaltinga enn opplysningane i Naturbase, men kan likevel vere eit viktig supplement.

Sidan 2008 har nettstaden *Rapporteringssystemet for arter* vore blant dei viktigaste kjeldene til kartfesta informasjon om artar i Noreg. Her kan alle legge inn sine eigne observasjonar og gjere dei tilgjengeleg for allmenta. Særleg fugledelen av systemet vart raskt ein stor suksess, og har vore til stor nytte under utarbeidninga av artsomtalane i viltrapporten for Lindås.

OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkarta er viktig for å påføre ny kunnskap og fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege

endringar eller endringar som følgje av tekniske inngrep. Nye, viktige opplysningar bør digitaliserast fortløpande. Elles kan ein revisjon av oversikta over "prioriterte viltområde" i samband med revisjon av

komuneplanen kan vere eit fornuftig revisjonsintervall.



Reir av hønsehauk i Holmåsmarka. Hønsehauken er knytt til større, samanhengande område med eldre, produktiv furuskog. Truleg hekkar det rundt ti par i Lindås, men det er ikkje hekking i alle territoria kvart år. Foto: M. Wilhelmsen.

3. ARBEIDET MED VILTKARTLEGGINGA I LINDÅS

Viltkartlegginga i Lindås har gått over lang tid. På slutten av 1980-talet vart det framstilt viltkart i alle kommunar i Hordaland. Desse karta omhandla først og fremst jaktbare viltartar, særleg hjorteviltet, hønsefuglar og andefuglar, men også nokre sjøfuglkloniar og våtmarker var med. For hjort kartfesta ein trekkvegar og område som vart rekna som særleg viktige. Opplysningane vart samla inn gjennom kommunen sin viltansvarlige, og mykje av opplysningane kom frå viltnemnda og lokalt viltintereserte.

I 1996 kom DN-handbok 11 (Direktoratet for naturforvaltning 1996), som gav nye rammer for kommunal viltkartlegging, inkludert ein mal for skriftleg rapportering. Samstundes vart kommunane oppfordra til å gjennomføre ny viltkartlegging etter den nye malen.

I 2003 vart Vigleik Stusdal engasjert av kommunen for å samle inn ny informasjon om viltet i Lindås basert på intervju med lokalkjende. Han gjorde eit grundig arbeid med å få opplysningane systematiserte og teikna inn på kart. Manuskarta vart gjennomgått av fylkesmannen, og opplysningar som vart vurdert som forvaltningmessig relevante vart digitaliserte, og lagt inn i Naturbase (ei offentleg innsynsløsing på Internet for artar og viktige naturtyper).

I 2009 vart Morten Wilhelmsen engasjert av kommunen til å utarbeide ein kunnskapsstatus for dei enkelte viltartane i kommunen, å gjere undersøkingar i felt, og på bakgrunn av dette foreslå viktige viltområde i Lindås. Han har i perioden 2009-2014 gjennomført mykje nytt feltarbeid i kommunen, særleg med vekt på spetter og raudlista fugleartar, men arbeidet har også gitt betre kunnskap om mange vanlege artar.

STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

Kommunalt prosjektansvarlig har vore Nils Kaalaas. Rammene for kartlegginga vart føreslått av fylkesmannen i 2003 og diskutert med kommunens prosjektansvarlege før oppstart.

DATAGRUNNLAG

Innsamling og kartfesting av viltopplysningar har blitt gjennomført av Vigleik Stusdal (2003) og Morten Wilhelmsen (2007-2014). Følgjande informasjonskjelder er nyttate:

- Intervju med lokalkjende (Stusdal 2003)
- Feltregistreringar (i hovudsak Wilhelmsen 2007-2014)
- Eksisterande opplysningar hos Fylkesmannen og i Naturbase
- Kommunalt viltkart frå 1990
- Litteratur
- www.artsobservasjoner.no

RAPPORT OG KART

Den generelle, innleiande delen av viltrapporten er skriven av Olav Overvoll hos fylkesmannen, og er bygd opp etter malen i DN-handbok 11. Malen er opphavleg utarbeidd av Wergeland Krog (1993). Omtalar av dei viktige viltområda i Lindås er skrivne av Morten Wilhelmsen og Olav Overvoll. Artsomtaleane er i hovudsak skrivne av Morten Wilhelmsen, men Ola Moen har skrive om måsar og terner, og Olav Overvoll om rovfuglar, amfibiar, krypdyr og pattedyr.

Forsлага til prioriterte viltområde i Lindås er utarbeidd i samarbeid mellom Morten Wilhelmsen og Olav Overvoll. Avgrensinga er gjort med grunnlag i opplysningar om artsførekomstar, lokalkunnskap og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde.

Fylkesmannen i Hordaland har stått for digitalisering av opplysningane frå manuskarta.

4. NATURGRUNNLAGET

Teksten i dette avsnittet er i hovudsak tatt frå rapporten om kartlegging av naturtypar i Lindås (Bysveen & Overvoll 2004).

GEOGRAFI OG AREALBRUK

Lindås kommune ligg på Lindåshalvøya i Nordhordland (sjå kart på framsida). Kommunen grensar mot Osterfjorden og kommunane Bergen, Osterøy og Vaksdal i sør og aust, og Modalen i aust. Mot nord ligg Fensfjorden og kommunane Masfjorden og Gulen (Gulen hører til Sogn og Fjordane fylke). Mot nordvest ligg Austrheim kommune, og vidare sør-over grensar Lindås mot Radfjorden og Kvernavfjorden og kommunane Radøy og Meland.

Nokre geografiske fakta for Lindås:

Totalareal (km ²):	476
Ferskvatn (km ²):	19
Jordbruksareal (% av totalareal):	8,7
Produktiv skog (% av totalareal):	40,9
Areal under 300 m o.h. (%):	72,5
Tal øyar i saltvatn:	531
Kystlinje fastland (km):	357
Kystlinje inkl. øyar (km):	619
Tal fastbuande (01.01.2014):	15.069

LANDSKAP OG GEOLOGI

Lindås kommune femner om fleire ulike landskapsformer og naturmiljø, frå llyngeiane i vest til høgfjell i nordaust. Landskapet på Lindåshalvøya er prega av dei mange åsryggane og fjella i retninga frå nordvest mot søraust. Mellom desse ryggane ligg smale, frodige dalar og djupe fjordar.

Topografisk kan Lindås grovt sett delast i to:

- 1) Den indre delen av kommunen, langs indre del av Osterfjorden, har store høgdeforskellar med djupe dalar og fjell opp mot 900 m o.h. Det høgaste punktet i kommunen, Sørdalsnuten, 957 m o.h. ligg her, på grensa mot Modalen kommune.
- 2) Det meste av Lindås kommune ligg på Lindåshalvøya, sør og sørvest for Fensfjorden. Her er topografien prega av dei såkalla Bergensbogane, der låge åsryggar, dalsøkk og fjordar/pollar følgjer bergstrukturen i nordvest-søraustleg retning. Dei høgste punkta i terrenget når opp mot 450 m o.h., men dei fleste ryggane er lågare, og blir gradvis lågare mot nordvest.

Lindåshalvøya er ein del av den store Bergensbogen. Grensa mellom Bergensbogane i vest og grunnfjell i aust går langs skaret frå Bjørsvik til Stalbotn.

I Bergensbogane er det mest næringsfattige gneisar og omdanna djupbergartar. Men ein finn også kalkrike soner og kleberstein. Mjuke, glimmerrike bergartar finn ein m.a. langs Hindenesfjorden. I den austlege delen av Lindås er det grunnfjell med gneisrike, næringsfattige bergartar.

KLIMA

Lindås har eit havpåverka (oseanisk) klima, med milde vintrar og kjølige somrar. Det er mange nedbørsdagar og høg luftfukt, og det fell relativt mykje nedbør, særleg om hausten. Det er stor skilnad i nedbørsmengde frå ytre til indre strok i kommunen. Lengst ute ved kysten er nedbøren ca. 1300 mm/år, og i dei indre, fjellrike stroka kjem det ofte meir enn 2500 mm/år. Årsmiddeltemperaturen er mellom dei høgaste i landet, med berre ca. 13 °C i skilnad mellom varmaste og kaldaste månaden. Den oseaniske karakteren blir understreka av den lange og milde hausten, og ute ved kysten er februar den kaldaste månaden. Men sjølv februar har middeltemperatur over frysepunktet.

Dei lokale temperaturtilhøva kan avvike mykje frå middelverdiane. Dei ytre delane av kommunen er jamt over mildare enn dei indre, og fjellområda i nordaust har sjølvsagt jamt over mykje lågare middeltemperaturar enn dei lågareliggende områda ute på Lindåshalvøya. Sjølv om sommaren kan utsette dalstrokk og søkk stundom ha nattetemperaturar under 0 °C.

Sommartemperaturen i sørvende lier kan vere mykje høgare enn middeltala. Dette gjer at varmekrevjande plantar helst er å finna her. Sørskrånningar ved fjorden er særskilt gunstige fordi dei både ligg i le for kald, nordleg vind (vår og tidleg sommar), og fordi nærleiken til fjorden gir høgare nattetemperatur enn i innlandet.

NATURTYPAR

Vegetasjonsmessig er Lindås ein svært variert kommune, ikkje minst på grunn av dei geologiske og topografiske tilhøva. Omlag 49 % av kommunen er skogdekt (Kart 1). Av dette er 57 % barskog, 6 % blandingskog og 36 % lauvskog (Inst. for Skog og Landskap). Omlag 18 % av skogarealet er kulturskog, det meste av dette er gran, som ikkje finst naturleg i kommunen.

Den rikaste vegetasjonen er knytt til sør- og sør-austvendte lier i området med lettforvitrande berggrunn langs Osterfjorden og på Lindåshalvøya. Her finn ein gjerne edellauvskog. Dei fleste varmekjære treslagene er representerte, men det er mest hassel, eik og ask. Oppover i høgda kjem det inn aukande innslag av mindre krevjande treslag som bjørk og furu. Oppover mot toppane blir det mykje einer og

lyng. På dei meir nordvendte sidene er det bjørk, furu og fattigare vegetasjon.

Edellauvskogen i Lindås er også knytt til relativt små areal mellom og ved dei mange gardsbruka i kommunen. Desse områda har tidlegare vore utnytta både som beiteområde og til försanking (lauving) og vedhogst. Gammal lauvskog er difor ein sjeldan naturtype, og i edellauvskogsliene er dei eldste trea ofte styvingstre. Verkeleg gammal lauvskog i økologisk forstand, der mange tre har nådd sin maksimale levealder finst knapt i Lindås, eller andre stader på Vestlandet (eika kan bli nærmere 1000 år!). Dei eldste edellauvskogane finn ein gjerne i svært bratt terreng med vanskeleg tilkomst.

Heller ikkje furuskogen i Lindås er særleg gammal. Der skogen står på god bonitet har enkelte tre nådd ganske store dimensjonar, ofte med stammediameter i brysthøgde på 40-50 cm. Skogen er likevel ikkje gammal i økologisk forstand, og truleg er berre ein liten del av skogen særleg meir enn 150 år (men t.d. ved Æsevågen har boreprøver av furu vist aldrar på 220 og 260 år). Dei fleste stader er det lite innslag

av læger (liggende, død ved), og dette i kombinasjon med eit tett busksjikt av einer, tyder på at mykje av skogen er av første generasjon. For 150-200 år sidan var truleg store delar av områda som i dag er skogkledde utan skog. Grunnen til dette var hard hogst i kombinasjon med bruk av utmarka til husdyrbeite. Som vanleg elles på Vestlandet, har furuskogen ein del innslag av lauvtre. Bjørk er det vanlegaste, men enkelte stader finst innslag av eik og andre lauvtre.

Den klimatiske skoggrensa ligg på 350-450 m i indre del av kommunen, og her dekker fjellområde ganske store areal. Det er òg skoglause område på høgdedrag på Lindåshalvøya, men nokre av desse områda er nok kulturpåverkna ved beitande husdyr og skjøtsel. Dei fleste stader er bjørka det dominerande treslaget opp mot skoggrensa. I dei vestlege delane av Lindåshalvøya er det framleis ein del område med lynghei. Men mange stader har attgroinga kome så langt at områda er i ferd med å bli til bjørke- og furuskog. Ein kan likevel sjå at lynghei må ha dominert her for ikkje så mange tiår sidan.



Utsyn frå Gjerdfjellet mot aust. Typisk mosaikk av skogkledde åsar, vassdrag og småskala kulturlandskap. Osterfjorden og Osterøy i bakgrunnen. Foto: M. Wilhelmsen.

5. FORSLAG TIL PRIORITERTE VILTOMRÅDE I LINDÅS

Viltkartlegginga har hatt hovudfokus på truga og sårbare artar og artar som har spesialiserte krav til leve- og yngleområde. Aktuelle artar i Lindås er først og fremst artar knytt til eldre skog, som spettefuglar, hønsehauk og storfugl, men også nokre artar knytte til våtmark og kyst er viktige, i første rekke andefuglar, måsar og lommar.

Dei nemnde artane i skog er alle meir eller mindre knytt til større, samanhengane område med eldre naturskog. Difor er det viktig at det blir sett av nokre slike område spreidd i kommunen, slik at artane framleis kan ha levedyktige bestandar her. Slike område vil òg ofta vere viktige for skogbruket, og skogbruksforvaltinga må kjenne til område med konkrete, stadsfesta verdiar, som rovfuglreir, spellassar for storfugl, og spettelier (område med godt innslag av osp og spettehol).

Det er mange vatn og våtmarksystem i Lindås, og dei fleste av desse er meir eller mindre viktige som viltbiotopar. Dei fleste er likevel heilt ordinære, og berre fire våtmarksområde – omr. 6, 13 og 14, dels også omr. 11 – er føreslått som prioritert viltområde. Elles er fleire vatn registrert som viltlokalitetar og registrert i Naturbase. Dette gjeld nokre spesielt frødige lokalitetar med rik vassvegetasjon og kantvegetasjon, som blir rekna som viktige for andefuglar, vannrikse og sporvefuglar, og i tillegg nokre lokalitetar med hekkande smålom.

Den lange kystlinja i Lindås, med fjordar, pollar, holmar og skjer, er naturlig nok òg viktig for viltet. Store sjøfuglkoloniar finst ikkje i Lindås, men øyane Kråko i Austfjorden og Tjuvholmen i Radfjorden er dei to viktigaste – mykje viktigare enn nokon av dei fem sjøfuglreservata i kommunen. Dei mest spesielle viltområda knytt til sjø i Lindås er overvintringsområda for andefuglar i Eikangervågen og Hjelmåsvågen.

Kulturlandskapet er leveområde for mange fugleartar, men det er praktisk vanskeleg å anbefale prioriterte viltområde i kulturlandskapet så lenge det ikkje finst gode nok tilskotsordningar til driftsformer som er gunstig for dei aktuelle artane. Kulturlandskapsområda på kart 3 i rapporten er tekne med mest for å vise område i Lindås der det framleis hekkar ein eller fleire typiske kulturlandskapsartar. *Eit* jordbruksområde er likevel føreslått som prioritert viltområde – omr. 9, Keila. Å oppretthalde beiteareala er avgjerande for dei fatalige fugleartane i området framleis skal kunne hekke her.

I alt 15 område er føreslått som prioriterte viltområde i Lindås. Fire av desse, knytt til marint miljø, skil seg ut som svært viktige (sjå kart 2 bak i rapporten). Mange av dei føreslattede prioriterte viltområda i Lindås er større "forvaltingsområde" i eldre furuskog der ein meiner at nettopp det å bevare områda som større, samanhengande naturområde er ein viktig føresetnad for å ta vare på viltverdiane her. Desse områda

bør ikkje stykkast opp av vegr og busetnad, og skogbruk bør drivast med varsemrd.

Ut over dette er fleire mindre område kartfesta som viktige viltbiotopar, dette gjeld særleg nokre ferskvatn/våtmarker, sjøfuglholmar og mindre skogområde (sjå kart 3, bak i rapporten). Desse bør det takast omsyn til i arealplanlegginga på lik linje med viktige naturtypar. Det er òg kartfesta nokre hekkeplassar som ikkje skal visast på offentlege kart fordi allmenn kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten (t.d. fare for forstyrring og øydelegging av reir). Dette gjeld hekkeplassar for havørn, kongeørn, hønsehauk og hubro. Kommunen må ha kjennskap til desse områda, og ta omsyn til dei i plansaker på lik linje med andre viktige viltområde.

SVÆRT VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 1. Eikangervågen

Området omfattar både vågen og pollane innanfor. Dette er kanskje det viktigaste viltområdet i Lindås. Raste- og overvintringsområde for andefuglar som bergand, toppand, kvinand, stokkand, lappfiskand, ærfugl og havelle. Også observasjonar av gråstrupepedukkar, horndukkar og islom. Eikangervågen og Hjelmåsvågen, er det einaste området i Hordaland der ein kjenner til at bergender regelmessig overvintrar i større tal. Dei siste åra har 30-60 individ overvintra her, men opptil 140 er registrert på det meste (feb.-mars 2002).

Område 2. Hjelmåsvågen

Raste- og overvintringsområde for vassfuglar, som må sjåast i samanheng med Eikangervågen. Mykje av dei same artane som i Eikangervågen, men gjerne i noko mindre tal. Holmane er hekkeplass for makrellterne, svartbak, fiskemåse og grågås, om enn ikkje så mange par.

Område 3. Tjuvholmen

Ved sidan av Kråko den viktigaste hekkekolonien for måsar i Lindås. Tal for 2014 var 50 par sildemåse, 22 par gråmåse, 2 par svartbak og 2 par tjeld (S. Byrkjeland, pers. medd.). Tjuvholmen har òg funksjon som såkalla premyteområde for ærfuglhannar, muligens held dei seg òg her i mytetida (juli-august).

Område 4. Kråko

Ved sidan av Tjuvholmen den viktigaste hekkekolonien for måsar i Lindås. Tal for 2014 var 56 par sildemåse, 54 par gråmåse, 11 par fiskemåse, 7 par svartbak og 2 par siland (S. Byrkjeland, pers. medd.).



Eikangervågen (omr. 1), saman med pollen innanfor, er eit av dei viktigaste viltområda i Lindås. Her overvintrar store mengder andefugl, m.a. bergand. Foto: M. Wilhelmsen.



Parti frå Gjerdjellet (omr. 5). Foto: M. Wilhelmsen.



Parti frå Liavatnet/Torvvatnet (omr. 6). Foto M. Wilhelmsen.



Fattig sumpskog i det varierte, men mest furudominert skogområdet Totlandsåsen-Eidaåsen (omr. 8). Foto: M. Wilhelmsen.

VIKTIGE VILTOMRÅDE

Område 5. Gjerdjellet

Forslag til større forvaltingsområde i skog. Område med eldre furuskog og lite skogbruksaktivitet. Glissen skog på toppen. Hekkeområde for havørn, hønsehauk, kvitryggspett, dvergspett og truleg storfugl.

Område 6. Liavatnet-Torvvatnet

Viktig våtmarksområde mellom Eikanger og Høyland. Liavatnet har ein stor takrøyrbestand. Overvintringsområde og kanskje hekkeområde for vannrikse. Fast hekkeplass for sivsongar og sivsporv. Andre aktuelle artar er dvergspett, grønspett, enkeltbekkasin, fossekall, stokkand, toppand, kvinand, songsvane og oter.

Område 7. Baståsen

Forslag til større forvaltingsområde i skog. Område med eldre furuskog. Noko skogbruk i området. Aktuelle artar er spettefuglar og storfugl, og i sør, der området veksler mellom furuskog, myrar og tjørn, har det fleire år på rad blitt registrert skogsnipe – ein sjeldan art i Hordaland.

Område 8. Totlandsåsen-Eidaåsen

Forslag til større forvaltingsområde i skog. Skogområde nord for Eknes og vest for Ostereidet som strekker seg nord til Heltveit. Mest furuskog, men òg ein del lauv- og blandingsskog. Noko skogbruk i området. Kvityggspett, dvergspett og flaggspett hekkar her. Duetrust hekkar truleg. Spellass for storfugl i området.

Område 9. Keila

Område med naturbeitemark i god hevd og lynchhei sentralt på Keila. Truleg det viktigaste enkeltområdet for hekkande kulturlandskapsartar i Lindås. Eit av få område i Lindås der både storspove, vite, raudstilk, songlerke og steinskvett framleis hekkar. Framhald av beiting er avgjerande for at desse artane framleis skal hekke i området. Noko av dei same kvalitetane finst også på den nordlege delen av Keila.

Område 10. Rosshovden

Forslag til større forvaltingsområde i skog. Området omfattar Rosshovden, nord for Ones, og fleire større og mindre furudominerte øyar i Lindåspollane. Hekkeområde for hønsehauk og havørn. Grågås hekkar m.a. på Bjørnøyra.

Område 11. Holmåsmarka

Forslag til større forvaltingsområde i skog, men som òg har viktige kvalitetar knytt til våtmark. Furuskog dominerer. Nokre skogsvegar går inn i området, men det har vore liten skogbruksaktivitet her dei seinare åra. Furuskogen er hekkeområde for hønsehauk og kvitryggspett, truleg også for storfugl, og det skal vere ein spellass i området. Eidsvatnet er einaste kjende hekkeplass for storlom i Lindås, og arten brukar også Austrevatnet for næringssøk. Smålom har hekka i Gåsetjørna, sentralt i området.

Fonnebostvatnet er ein frodig kulturlandskapssjø der det m.a. hekkar sivsongar. Oter er registrert i dei to småvassdraga som renn ut i sjøen i nord, og arten ynglar truleg i området.

Område 12. Vabøneset

Forslag til større forvaltingsområde i skog. Område med eldre furuskog og mindre parti med lauvskog (mest osp og bjørk). Winterområde for storfugl (må sjåast i samanheng med furuskogsområda rundt, ikkje minst Holmåsmarka), hekkeområde for dvergspett og kvitryggspett.

Område 13. Træland

Våtmark. Forslag til forvaltingsområde rundt Trælandstjørna og Littlehovdatjørna som lenge har vore hekkeplass for smålom. Utanom tjørnene er området ein mosaikk av furuskog og myr. Hekkande smålom i låglandet er sjeldan i Hordaland i dag.

Område 14. Festevatnet sør

Våtmark. Festevatnet, og særleg den sørlege delen inkl. våtmarksområdet og kantskog sør for vatnet, er ein av dei viktigaste våtmarkslokalitetane i Lindås. Av hekkande artar kan nemnast krikkand, stokkand, enkeltbekkasin, rugde, buskskvett og gulsongar. Overvintringslokalitet for m.a. songsvane og vannrikse.

Område 15. Romarheim

Forslag til større forvaltingsområde i skog. Kupert område dominert av eldre furuskog på vestsida av Romarheimsdalen, mot grensa mot Modalen. Kvityggspett, dvergspett og gråspett er registrert i området. Leveområde for storfugl og ein spellass er registrert her. Nysætrevatnet har i fleire år vore hekkeplass for smålom.

Område 16. Gråsida-Tverrvassfjellet

Dette er eit stort, tilnærma inngrepssfritt område vest for Stussdalen, i grenseområdet mellom Lindås og Masfjorden kommune. Dette er den einaste staden i Lindås der ein finn område som ligg meir enn 3 km frå tekniske inngrep. Det meste av området ligg òg innanfor nedslagsfeltet til Eikefetelva, som er eit verna vassdrag. Området består av høgareliggende skog og fjell og svært mange vatn, og har viktige kvalitetar som viltområde. Ut over artar ein kan forvente å finne i området som dette, kan nemnast storlom (observert dei siste par åra), smålom (truleg hekking), dvergfalk (observert), småspove (observert), raudstjert (fleire par i høgareliggende skog) og blåstrupe. Det er innanfor dette området kongeørna hekkar i Lindås.

NATURRESERVAT I LINDÅS

Ni område i Lindås er verna som naturreservat etter naturmangfaldlova (sjå kart 2). Av desse er seks sjøfuglreservat (A-F) eit våtmarksreservat (G), eit myrreservat (H) og eit skogreservat (I). Under er det gitt ein kort omtale av sjøfuglreservata og våtmarksreservatet, som alle vart oppretta med tanke på fuglelivet. Også sørlege del av skogreservatet

Heltveit-Bjørge kan reknast som eit viktig viltområde, og utgjer ein nordleg del av det store skogområdet Totlandsåsen-Eidaåsen som er foreslått som prioritert viltområde (omr. 8).

A. Lurekalven naturreservat

Sjøfuglreservat sidan 1987. Omfattar den nordvestlege delen av Lurekalven, nord for Lygra i Lurefjorden. Utgangspunkt for vernet var ein koloni på 40-50 par sildemåse i 1980, men det har ikkje vore nemneverdig hekking her sidan den gong (S. Byrkjeland, pers. medd.).

B. Klammersholmane naturreservat

Sjøfuglreservat sidan 1987. Omfattar den største av to holmar på austsida av Lurefjorden. Utgangspunktet for vernet var ein svært tett fiskemåsekolonji (135 par i 1977). I 1996 hekka det ca. 50 par her, men sidan har det minka jamt og trutt. I 2011 hekka det 3 par og i 2014 truleg berre eitt (S. Byrkjeland, pers. medd.).

C. Vågsskjær naturreservat

Sjøfuglreservat sidan 1987. Omfattar eit lite, skjerma skjær like ved land ved Risasjøen i Lurefjorden. Utgangspunktet for vernet var ein ternekoloni på 15 par makrellterne og 15 par raudnebbterne i 1980. Sidan vernet vart oppretta er det ikkje registrert hekking her (S. Byrkjeland, pers. medd.).

D. Håvarden og Klubben naturreservat

Sjøfuglreservat sidan 1987. Reservatet ligg like nordvest for Mongstad. Det er todelt og omfattar den nordvestlege delen av Håvarden og nokre holmar lengst nordvest, og holmen Klubben på nord-austsida av Håvarden. Utgangspunktet for vernet var hekkande måsar og terner i 1980: >100 par sildemåse, 180 par fiskemåse, 45 par raudnebbterne og 5 par makrellterne. Etter dette har det vore lite hekking i reservatet, og nokre år, inkl. dei siste åra, har det stått heilt tomt, truleg med unntak av nokre grågåspar (S. Byrkjeland, pers. medd.).

E. Grøningane naturreservat

Sjøfuglreservat sidan 1987. Omfattar ei gruppe låge, graskleddde holmar i Fensfjorden, sør for Mongstad. Utgangspunktet for vernet var hekkande måsar og terner i 1980: 31 par fiskemåse, 10 par makrellterne og 35 par raudnebbterne. Variabel hekking etter dette, og lite dei siste åra: 5 par fiskemåse i 2011 og 3 par i 2014 (S. Byrkjeland, pers. medd.).

F. Ådnøy naturreservat

Sjøfuglreservat sidan 1987. Omfattar den søraustlegaste delen av Ådnøy, sørvest i Fensfjorden. Utgangspunktet for vernet var ein ternekoloni på ca. 70 par raudnebbterne og 20 par makrellterne i 1980. Sidan dette har reservatet vore ustabilt og tidvis

heilt tomt, som m.a. under teljingane i 2011 og 2014 (S. Byrkjeland, pers. medd.).

G. Fossevatna naturreservat

Våtmarksreservat sidan 1995. Reservatet ligg om lag seks km nordvest for Knarvik, og omfattar eit myrområde rundt to vatn, Litlavatnet og Storavatnet. Føremålet med vernet er å ta vare på eit relativt urørt våtmarksområde som er raste- og hekkeområde for våtmarksfugl. Mosaikken av relativt grunne vatn, myr og skog, gjer området attraktivt for mange fuglearter. Dei vanlegaste hekkande våtmarksartane er stokkand, krikand, kanadagås, strandsnipe, enkeltbekkasin og sivsporv. Raudstilk har hekka her tidlegare. Grågås, toppand, kvinand er vanlege å sjå her under trekket.

VIKTIGE BEITEOMRÅDE OG TREKKVEGAR FOR HJORT

Det er ikkje gjort noko forsøk på å merke av spesielt viktige beiteområde for hjort i Lindås. Hjorten utnyttar det meste av utmarksarealet, og det er lite truleg at næringstilgangen sommarstid verkar begrensende på bestanden. I indre strok kan snørike vinter føre til næringsmangel, men i slike tilfelle vil hjorten kunne trekke ned mot fjorden eller vestover til dei lågareliggende delane av kommunen der det oftest er lite snø.

Hjorten er svært fleksibel, og vil raskt kunne tilpasse seg nye forhold. I forvaltingsmessig samanheng kan det likevel vere viktig å ha oversikt over trekkvegar, slik at ein kan ta omsyn til desse. Dette er mest aktuelt i kommunar med stort utbyggingspress, der viktige trekkvegar kan bli heilt stengde av større område med busetnad, industri og infrastruktur. I slike område kan det vere aktuelt å sette av såkalla viltkorridrar. Slike bør gjerne vere minst 100 m breie.

Det er også viktig å ha oversikt over mykje brukte og stabile trekkvegar for hjort i samband med trafikktryggleik. Påkøyrlar er eit kjent problem, og om ein kjenner til potensielle problemområde kan ein tidleg i planprosessen legge inn tiltak for å redusere sjansane for påkøyrlar.

Eit kart over trekkvegar for hjort frå 1990 og påkøyrselsområde i perioden 2010-2014 er vist på kart 4. Den viktigaste trekkvegen for hjort i Lindås går truleg aust-vest over Ostereidet. Dette er den einaste staden hjorten, utan å krysse fjordar, kan trekke mellom ytre og indre del av kommunen. Sjølv om hjorten gjerne kryssar nokså breie fjordar, som t.d. Osterfjorden og Fensfjorden, vil trekkvegar over land vere viktigare. E39 ved Eknes er den vegstrekninga i Lindås der det har blitt påkørt flest hjort dei siste fem åra, truleg fordi det tidvis er mykje hjort i området i samband med sesongtrekk. Andre vegstrekningar med fleire påkøyrlar vitnar om at kartet over trekkvegar er svært ufullstendig.

6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I LINDÅS

RAUDLISTER

Ei raudliste er ei oversikt over artar som over tid står i fare for å dø ut dersom den negative utviklinga held fram. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken.

Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast etterkvart som kunnskapen om artane aukar. Bestandssituasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Denne rapporten bygger på *Norsk rødliste for arter 2010* (Kålås m.fl. 2010). Dei ulike kategoriane i den siste utgåva av raudlista er noko forenkla definerte under.

Regionalt utdødd - RE (Regionally extinct)

Brukast om artar som truleg er forsvunne frå regionen, eller ikkje lenger kan reproduserere der.

Akutt truga - CR (Critically endangered)

Artar som har ekstrem høg risiko for å dø ut (50 % sjanse for å dø ut innan tre generasjoner eller minimum 10 år).

Sterkt truga - EN (Endangered)

Artar som har svært høg risiko for å dø ut (20 % sjanse for å dø ut innan fem generasjoner eller minimum 20 år).

Sårbart - VU (Vulnerable)

Artar som har høg risiko for å dø ut (10 % sjanse for å dø ut innan 100 år).

Nær truga - NT (Near threatened)

Artar som er nær ved å kvalifisere til kategorien sårbart, eller som truleg vil bli truga i nær framtid om den negative utviklinga held fram.

Kunnskapsmangel - DD (Data deficient)

Artar ein ikkje har nok kunnskap om til å vurdere risiko for at arten skal dø ut, men der ein ut i frå eksisterande kunnskap antar at arten ville vore raudlista dersom ein hadde hatt betre kunnskap.

Meir utfyllande informasjon om den norske raudlista finn du på websida til Artsdatabanken. Her kan du òg laste ned siste versjon av raudlista, i pdf-format.

I forvaltingssamanhang opererer ein òg med omgrepet *ansvarsartar*. Dette artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og nordleg storskav.

VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTEL

Mange plante- og dyrearter er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige trugsmål mot biologisk mangfold:

Intensiv jakt har ført til at enkelte dyrearter har blitt utrydda eller fått sterkt reduserte po-pulasjonar. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

Miljøgifter er eit alvorleg trugsmål mot mange artar. Rovdyr er spesielt utsett, fordi giftstoffa blir meir koncentrerte for kvart ledd i næringskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme. Truleg fanst det berre rundt 20 par att i Noreg tidleg på 1970-talet, men sidan DDT vart forbode har bestanden tatt seg kraftig opp att.

Handel med ville dyr er blant dei største illegale marknadane på verdsbasis, og enkelte stader kan samling vere eit problem for artar som alt er fátalige. I Noreg kan jaktfalken vere utsett for ulovlig innsamling.

Innføring av framande artar blir saman med øydelegging av leveområde rekna som det største trugs-målet mot biologisk mangfold globalt. Ved å flytte artar på tvers av såkalla biogeografiske regionar, vil ein på sikt øydelegge mykje av dei geografiske særprega naturen har brukt millionar av år på å utvikle.

Artsmangfaldet på isolerte øyar er svært sårbart for introduksjonar. På mange av Stillehavsoyanane har fleire bakkerugande fuglearter forsvunne som følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått uheldige følgjer. Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid stundom store tap fordi minken tek egg og ungar.

Døme på innførte viltartar i Hordaland, inkl. Lindås, er mink og kanadagås. Minken gjer tidvis stor skade i sjøfuglkoloniar. Dei langsiktige, økologiske verknadane av kanadagåsa er usikre, men arten kan vere ein konkurrent til andre andefuglar.

Øydelegging av naturtypar og leveområde er det største trugsmålet mot biomangfaldet. Det hjelper lite å verne artar om ein ikkje samstundes vernar områda dei er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealat av våtmark, gammal skog og enkelte kulturlandskapstypar. For 85 % av artane på Norsk Rødliste er arealendringar rekna som det største trugsmålet. Ein logisk konsekvens av dette er at ein bør ta vare på ein del større, samanhengande og relativt urørt område der næringskjedene og mangfaldet framleis er intakt.

Tabell 1. Raudlista viltartar i Lindås etter raudlista 2010 (Kålås m.fl. 2010).

Status i Noreg	Art	Førekomst i Lindås	Moglege trugsål lokalt
Kritisk truga (CR)	Lomvi	Fåtalig gjest i vinterhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn Tidleg slått, attgroing
	Åkerrikse	Sporadisk sommargjest	
Sterkt truga (EN)	Krykkje	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	-
	Hubro	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Attgroing av kystlynghei, kraftleidninger
	Jerv	Sjeldant streifdyr	<ul style="list-style-type: none"> Jakt
Sårbar (VU)	Bergand	Fåtalig gjest i vinterhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Lappfiskand	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	-
	Kvepsevåk	Sjeldan trekgjest	-
	Myrhauk	Sjeldan trekgjest	-
	Vannrikse	Fåtalig gjest i vinterhalvåret	-
	Brushane	Fåtalig trekgjest	-
	Makrellterne	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Næringsmangel
	Alke	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Teist	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Tyrkardue	Hekkefugl tidlegare	-
	Songlerke	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Endringar i landbruket
	Grashoppesongar	Truleg sjeldan hekkefugl	-
	Oter	Ynglar fåtalig	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn og særleg ruser
	Gaupe	Mogleg streifdyr	<ul style="list-style-type: none"> Jakt
Nær truga (NT)	Storlom	Fåtalig hekkefugl (1 par)	<ul style="list-style-type: none"> Uroing i hekketida, fiskgarn
	Dvergdykker	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	-
	Toppdykker	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	-
	Skeiand	Sjeldan gjest	-
	Svartand	Fåtalig gjest i vinterhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Sjøorre	Fåtalig gjest i vinterhalvåret	<ul style="list-style-type: none"> Drukning i fiskegarn
	Hønsehauk	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Hogst av reirtre og mangel på gammal skog
	Fiskeørn	Sjeldan trekgjest	-
	Jaktfalk	Streifgjest	-
	Sivhøne	Sjeldan gjest i vinterhalvåret	-
	Vipe	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Endringar i landbruket (tidlig slått)
	Dobbeltbekkasin	Sjeldan trekgjest	-
	Storspove	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Endringar i landbruket (attgroing mm.)
	Strandsnipe	Ganske vanleg hekkefugl	-
	Tjuvjo	Sjeldan trekgjest	-
	Hettemåse	Fåtalig hekkefugl	-
	Fiskemåse	Vanleg hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Næringsmangel?
	Tårnseglar	Streifgjest	-
	Svartstrupe	Mogleg sjeldan hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Attgroing av kystlynghei
	Varslar	Fåtalig trekk- og vintergjest	-
	Stare	Vanleg hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> Omleggingar i landbruket
	Tornirisk	Fåtalig hekkefugl	-
	Bergirisk	Fåtalig hekkefugl	<ul style="list-style-type: none"> ?
Datamangel (DD)	Skjeggflaggermus	Ynglar truleg	<ul style="list-style-type: none"> ?

7. STATUS FOR VILTET I LINDÅS

AMFIBIUM

Frosk *Rana temporaria*

Vanleg over store delar av kommunen, også litt opp i fjellet, men blir truleg meir fåtalig ut mot kysten. Strand (2005) fann frosk i to av 22 undersøkte dammar og tjørn i Lindås i 2005.

Padde *Bufo bufo*

Vanleg art i dei lågtliggande delane av kommunen. Ser ut til å vere vanlegare i kyststroka enn frosken. Strand (2005) fann frosk i sju av 22 undersøkte dammar og tjørn i Lindås i 2005.



Frosken er ein vanleg art i Lindås, men i ytre delar av kommunen ser pappa ut til å vere vanlegare. Foto: M. Wilhelmsen.

KRYPDYR

Hoggorm *Vipera berus*

Truleg utbreidd over det meste av kommunen. Likar seg på solrike stader.

FUGLAR

Blant landlevande virveldyr står fuglane i ei særstilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. I Lindås er det registrert 211 fugleartar. Av desse er 129 artar registrert som hekkefuglar (Kap. 11). Svært mykje av kunnskapen om fugl i Lindås er, som i mange andre kommunar, framskaffa gjennom frivillig observasjonsarbeid av fugleinteresserte.

I samband med arbeidet med viltrapporten har Morten Wilhelmsen gjort teljingar av syngande fuglar i hekketida i fleire delar av kommunen gjennom fleire sesongar. M.a. er det nytta punkttakseringar, der ein noterer talet på syngande individ av kvar art. Dette gjer at ein har fått eit godt bilde av mengdeforholda av mange artar, og på grunnlag av dette er det gjort bestandsanslag for heile kommunen.

Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Artsbestemming av fuglar i felt kan ofte vere vanskeleg, også for erfarne fuglekikkjarar. Enkelte artar er svært like å sjå til, og faktorar som lysforhold,

observasjonsavstand og observasjonstid gjer ofte sikker artsbestemming vanskeleg.

For å kvalitetssikre fugleobservasjonar har Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) oppretta ekspertutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale, fylkesvise, organet for kvalitetssikring heter Lokal rapport- og sjeldenhetskomite (LRSK). Enkelte svært spesielle artsfunn må òg godkjennast av ein nasjonal komité: Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF). Godkjende artsfunn blir publiserte i årlege rapportar i NOF-Hordaland sitt regionaltidskrift *Fuglar i Hordaland* for LRSK, og i NOF sitt nasjonale tidsskrift *Ornis Norvegica* for NSKF (sjå oversikt over webressursar i kap. 10).

Rapportering av sjeldne fuglar skjer no gjennom artsobservasjoner.no. Her blir det òg angitt om funnet er godkjent. Dei aller fleste observasjonane det blir vist til i viltrapporten er henta frå dette rapporteringssystemet, og for artar som krev godkjennning, er berre godkjende observasjonar tekne med.

ANDEFUGLAR

Knoppsvane *Cygnus olor*

Den einaste kjende hekkeplassen for knoppsvane i Lindås er Eikangerpollen der eit par har hekka årleg sidan 2009. No ser det ut til at tre par er etablert i området Eikangerpollen/Eikangervågen. Stadig fleire individ blir registrert også om vinteren, og på fleire lokalitetar om sommaren, så det er ikkje usannsynleg at hekkebestanden vil auke. Arten har spreidd seg nordover på Vestlandet dei siste par tiåra, og fleire par hekkar no i Hordaland.

Songsvane *Cygnus cygnus*

Fåtalig vintergjest. Talet kan variere, men 10-15 individ overvintrar i Lindås kvart år, og kan påtref fast i småflokkar i vassdrag og grunne innsjøar rundt om i kommunen. Ved langvarig kulde og tilfrosne vatn, kan songsvanen òg sjåast i salt- og brakkvassområde, slik som Eikangervågen. Songsvanen hekkar ikkje i Hordaland, men er funnen hekkande nokre stader i Sogn og Fjordane. "Våre" vintergjestar er fuglar frå hekkeplassar i Nord-Noreg, Finland og Russland.

Sædgås *Anser fabialis*

Sårbar (VU)

Sjeldan trekkjest i Hordaland, og dei siste vintrane har nokre få overvintra. Einaste observasjon frå Lindås er eit individ som heldt seg ved Isdalsvatnet, saman med ein flokk grågås, 13.-18.2.2012. Sædgåsa følgjer oftast ei austleg trekkrute, og opptrer ikkje så ofte langs kysten.

Kortnebbgås *Anser brachyrhynchus*

Sjeldan trekkjest, med berre to observasjonar frå Lindås: Eit individ rasta saman med grågås på Terneskjæret, nord for Tvibergøyna, den 12.12.2009,

og eit individ trakk nordover over Eknes saman med ein flokk grågås, den 5.4.2011. Kortnebbgåsa føljer oftest ei austleg trekkrute, og opptrer ikkje så ofte langs kysten.

Tundragås *Anser albifrons*

Sjeldan trekk- og vintergjest. Observert berre tre gonger i Lindås. Eit individ vart sett ved Hopsvatnet 13.12.1997, og eit overflygande ind. ved Risøyna 30.10.2009. Eit individ av underarten *flavirostris*, som hekkar på Grønland, heldt seg på Hodneland frå oktober 1990 til april 1992. Tundragåsa obseverast sporadisk i Noreg under trekket, og er generelt vanlegast langs kysten.

Grågås *Anser anser*

Hekkar på graskledd holmar fleire stader i kommunen, og "gåseplogar" er eit vanleg syn i trektidene. Hekkebestanden har auka kraftig i heile Hordaland dei siste 10-åra, og i Lindås hekkar truleg 20-30 par. Grågåsa trekker mot overvintringsplassar i m.a. Spania og Nederland i august og september, og kjem att i mars. Enkelte overvintrar.



Grågåsbestanden i Lindås tel truleg 20-30 par. Foto: O. Moen.

Kanadagås *Branta canadensis*

Fåtalig hekkefugl, med 5-15 par. Overvintrar, og når isen legg seg på vatna om vinteren, kan den òg sjåast på sjøen, m.a. i Eikangervågen. På Herdla i Askøy har opptil 130 individ hatt tilhald i vinterhalvåret, og nokre av desse fuglane hekkar truleg i Lindås. Kanadagåsa er opphavleg ein Nord-Amerikansk art, som vart innført til Noreg som jaktobjekt. Slik utsetjing er no forbode. Arten er no ein vanleg hekkefugl i store delar av Noreg, og bestanden ser framleis ut til å auke i Hordaland.

Kvitkinngås *Branta leucopsis*

Mange tusen kvitkinngjess trekker årleg langs den ytre kystlinja av Hordaland, på veg frå overvintringsområdet i Skottland til hekkeområda på Svalbard. Av og til kan flokkar gå lenger inn over land, og den 5.5.1996 vart 750 ind. sett på nordtrekk over Straumsneset (E.N. Adolfsen). Ein sjeldan gong kan enkeltindivid overvintrie i fylket. I Lindås vart eit individ sett i Hjelmåsvågen den 5.12.1999, saman med 11 kanadagjess, og to individ vart sett på Innluro den 12.3.2012.

Gravand *Tadorna tadorna*

Fåtalig gjest i trektidene, i hovudsak på vårtrekket, men blir ikkje observert årleg. Eit par vart sett i Eikangervågen 4.-5.6.2004, seks ind. låg på Hjelmåsvågen den 14.3.2007, og to vart sett ved Granholmen i Eikangervågen 11.4.2010. Einaste kjende hekkeplass i Hordaland er Herdla i Askøy kommune, der det hekkar 1-2 par.

Mandarinand *Aix galericulata*

Ein hann heldt seg i Kvassnesstemma i Knarvik over fleire månader i 2009, og igjen hausten 2010. Mandarinanda er opphavleg ein sørøstasiatisk art, men har vorte innført til Europa som pryd- og parkfugl. Ein forvilla bestand finst m.a. i Storbritannia. Fuglar som dukkar opp i Noreg reknast enten som rømte parkfuglar, eller som streiffuglar frå forvilla bestandar.

Brunnakke *Anas penelope*

Det einaste hekkefunnet i Lindås vart registrert på Utgjerdet i 1985. Elles sjåast nokre få individ årleg på ulike lokalitetar rundt om i kommunen. Nokre få par hekkar truleg i nabokommunane Austheim og Radøy.

Krikkand *Anas crecca*

Hekkar ved små vatn og tjørn i mange av våtmarksområda i kommunen. Anslagsvis 20-50 par. Trekkfugl som kjem i mars/april og trekker bort i september-november.

Stokkand *Anas platyrhynchos*

Vanleg art å sjå, både sommar og vinter. Hekkar ved mange av vatna i kommunen, og sjåast òg ofte på sjøen vinterstid. Hekkebestanden i Lindås tel kanskje opp mot 100 par.

Stjertand *Anas acuta*

Sjeldan trekkgjest knytt til ferskvatn, som berre er observert ein gong i Lindås: Ein hann låg på Kvassnesstemma på Knarvik, den 22.4.2012.

Skeiland *Anas clypeata*

Sjeldan gjest knytt til ferskvatn, som berre er observert to gonger i Lindås: Eit par ved Hundvindsvatnet 5.6.1977 og tre individ ved Tveitøya, den 30.10.1973.

Nær truga (NT)

Taffeland *Aythya ferina*


Sjeldan trekk- og vintergjest. To individ heldt seg i Kvassnesstemma på Knarvik nokre dagar i des. 2011. Før dette har ikkje arten blitt sett i Lindås sidan 1970-talet. Då vart arten sett fleire stader, m.a. på Tveitavatnet, der det i november 1978 låg heile åtte individ.

Toppand *Aythya fuligula*

Fåtalig hekkefugl ved ferskvatn. Dei siste åra har arten hekka årleg ved Fossevatna og Kvassnesstemma. Overvintrar ganske vanleg, og det er ikkje uvanleg å sjå opp mot 100 individ i Eikangervågen. Det høgaste talet som er observert er opp mot 500 individ (30.10.2004).

Bergand *Aythya marila***Sårbar (VU)**

Fåtalig gjest i trekktidene og om vinteren. Eikangervågen og Hjelmåsvågen, er det einaste området i Hordaland der ein kjenner til at bergender regelmessig overvintrar i større tal. Dei siste åra har 30-60 individ overvintra her, men opptil 140 er registrert på det meste (feb.-mars 2002). I Hordaland hekkar nokre få par på Hardangervidda. Hekkebestanden i store deler av Sør-Noreg har i seinare tid vorte sterkt redusert, kanskje m.a. som eit resultat av utbreidd garnfiske til fjells.



Berganda har Lindås kommune har eit spesielt forvaltingsansvar for i Hordaland, sidan Eikangervågen og Hjelmåsvågen er dei einaste områda i fylket ein kjenner til at berganda regelmessig overvintrar i større tal. Foto (ho øvst, hann nedst): O. Moen.

Ærfugl *Somateria mollissima*

Hekkar fåtalig på holmar, mest i ytre delar av kommunen. Den nøyaktige hekkebestanden er ukjent, men ligg kanskje rundt 50 par. Overvintringsbestanden er ganske stor, men kvar desse fuglane hekkar

er usikkert. Det er ikkje uvanleg å sjå over 1000 fuglar i tett flokk, på næringssøk etter blåskjel, ofte i Hjelmåsvågen, Eikangervågen og ved Nordhordlandsbrua.

Praktærfugl *Somateria spectabilis*

Svært sjeldan og sporadisk gjest. Arten hekkar på Grønland og Svalbard og overvintrar m.a. i Finnmark. I mange år heldt ein einsleg hann seg ved Herdla i Askøy. Denne fuglen vart i 2004 og 2008 også sett enkelte gonger i Lindås. Tidlegare er arten observert i Alversund i februar 1976.

Havelle *Clangula hyemalis*

Fåtalig trekk- og vintergjest. I trekktidene kan ein sjå flokkar på opptil 50 individ i Eikangervågen og Hjelmåsvågen, men den er noko mindre talrik om vinteren. Enkeltindivid og småflokkar kan også sjåast ved grunne område ved holmar og skjer andre stader i kommunen. Havella hekkar fåtalig i fjellvatn i Sør-Noreg, m.a. nokre få par på Hardangervidda, i nord også ned mot kysten, men er vanlegare som hekkefugl på arktisk tundra. Overvintrar vanleg langs heile norskekysten.

Svartand *Melanitta nigra***Nær truga (NT)**

Fåtalig gjest i trekktidene og om vinteren. Sjåast oftest ytst i Eikangervågen, der opptil 100 individ er registrert i oktober, men førekjem nok også i grunne område ved holmar og skjer i ytre del av kommunen. I Hordaland hekkar svartanda fåtalig på Hardangervidda, og i tillegg hekkar det truleg 1-2 par i Stordalsområdet i Masfjorden. Store flokkar overvintrar til havs langs heile norskekysten nord til Troms.

Sjørre *Melanitta fusca***Nær truga (NT)**

Fåtalig gjest i trekktidene og om vinteren. Sjåast oftest, som svartanda, ytst i Eikangervågen eller Hjelmåsvågen, med opptil 50 individ. Førekjem nok også i grunne område ved holmar og skjer i ytre del av kommunen. I Hordaland hekkar sjørora fåtalig på Hardangervidda. Arten overvintrar langs store delar av norskekysten.

Kvinand *Bucephala clangula*

Vanleg art i trekktidene og om vinteren, dei fleste i fjordsystema, der dei kan opptre i store flokkar, men også enkeltindivid, parvis eller i småflokkar i ferskvatn. Kvinanda ser ut til å bli tiltrekt av settefiskanlegg, der dei truleg et spillfor. Den 2.3.2002 låg det heile 1200 individ utanfor settefiskanlegget i Bjørsvika. Også utanfor anlegget ved Nesfossen er opptil 600-700 individ observert. Enkeltindivid kan også sjåast i sommarhalvåret, men hekking er ikkje kjent. Arten hekker vanlegvis ikke i Hordaland, men sjåast av og til om sommaren. Hekking er registrert nokre få gonger i Voss kommune.

Lappfiskand *Mergellus albellus***Sårbar (VU)**

Sjeldan, men regelmessig vintergjest i Hordaland, Også i Lindås, der enkeltindivid blir observert nesten årleg i Eikangervågen. To hofuglar vart sett her

den 30.3.2010. Lappfiskanda hekkar på taigaen i tilknyting til innsjøar eller rolege vassdrag. I Noreg finn ein dei fleste hekkande individua i Pasvik i Finnmark.

Siland *Mergus serrator* **Ansvarsart vinterbestand**
Ganske vanleg hekkefugl. Hekkebestanden ligg kanskje rundt 100 par, og silanda er dermed, ved siden av stokkanda, den vanlegaste andefuglen i Lindås i sommarhalvåret. Den er også vanleg i vinterhalvåret, og førekjem gjerne parvis eller i småflokkar på 10-20 individ. I Lindås hekkar silanda i skjergardsområda rundt i heile kommunen. Haust og vinter ser Hindenesfjorden ut til å vere blant dei beste områda for siland i kommunen.

Laksand *Mergus merganser*
Fåtalig trekk- og vintergjest. Nokre få individ blir observert årleg, m.a. i Eikangervågen, der m.a. 3 individ vart sett den 9.3.2010. Overvintrar vanlegare lenger inne i fjordstrøka, og er ofte å sjå i større vassdrag og innsjøar. Laksanda er generelt sjeldan som hekkefugl på Vestlandet, men er påvist hekkande i Voss kommune.

HØNSEFUGLAR

Lirype *Lagopus*
Ganske fåtalig hekkefugl i fjellet. Knytt til lågalpine område med bjørke- og vierkratt. Rypebestandane kan svinge ganske mykje, i takt med svingingar i smågnagarbestanden.

Fjellrype *Lagopus muta* **Ansvarsart hekkebestand**
Fåtalig hekkefugl i høgfjellet i indre del av kommunen. Som for lirypa, kan bestanden svinge ganske mykje, i takt med svingingar i smågnagarbestanden.

Orrfugl *Tetrao tetrix*
Var tidlegare ganske vanleg i lyngheiane, men har gått sterkt tilbake her etter kvart som desse har grodd att. Risa-Hopemyrane, Gjerdvågen og området nordaust for Lauvås og Rossnes er framleis brukbare orrfuglområde. 15 spelande hannar vart registrert her ein maimorgon i 2008. Orrfuglen finst nok elles fåtalig i områda rundt skoggrensa i indre delar av kommunen.



Orrfuglen finst framleis i open kystlynghei i Lindås, men er ikkje så vanleg som den var. Den er nok vel så vanleg i skoggrensa i indre delar av kommunen. Foto: M.J. Steinsvåg.

Storfugl

Tetrao urogallus
Fåtalig hekkefugl knytt til dei største, samanhengande område med eldre, open furuskog, som rundt Gjerdfjellet, Baståsen, Vabø og skogområda rundt Romarheim. Gjerde (1988, 1991) anslo ein bestandsstorleik i Lindås på knapt 50 individ og talet på leiksystem til 5-6 (sjå også kap. 8). Bortfall av leikar og færre fugl på enkelte leikar, tydar på at bestanden er i nedgang.

Vaktel

Coturnix coturnix **Nær truga (NT)**
Sjeldan og sporadisk sommargjest i Hordaland, knytt til kulturlandskapet. Funnen to gonger i Lindås: Ein vart funnen død på Keila 20.6.2012 og ein vart hørt syngande på Kolås 19.-27.6.2012.

LOMMAR

Smålom

Gavia stellata
Med ein hekkebestand på 5-7 par er Lindås ein viktig kommune for smålom i Hordaland. Fylkesbestanden ligg truleg rundt 25 par. Arten hekkar i små tjørn, flest i fjellområda, men også nokre i låglandet. Bestanden har hatt ei negativ utvikling, og det er usikkert kor mange av dei gamle, kjende hekkeplassane i Lindås som framleis er i bruk. Observasjonar kan tyde på at bestanden har stabilisert seg dei siste par tiåra, men på eit lågare nivå enn før. Nokre smålomar overvintrar langs kysten av fylket, men arten er mest talrik under trekket langs ytterkysten vår og haust.



Smålom. Foto: O. Moen.

Storlom

Gavia arctica **Nær truga (NT)**
Berre eitt par hekkar i Lindås, i eit av dei litt større vatna i kommunen. På 1980-talet hekka det også eit par i Austevatnet ved Hodneland. I Hordaland hekkar truleg 15-20 par, flest på Hardangervidda. Bestandsutviklinga har vore negativ dei siste 20 åra. Typisk hekkeplass er på holmar i litt større vatn med stabil vasstand.

Islom

Gavia immer **Ansvarsart vinterbestand**
Fåtalig, men truleg årleg vintergjest, særleg i Fensfjorden og Austfjorden, men også i Osterfjorden. Det dreiar seg då om enkeltindivid. Arten er hekkefugl på Grønland og Island, og trekker årleg forbi langs



Lindås er truleg eit av dei viktigaste områda for smålom i Hordaland, med ein antatt hekkebestand på 5-7 par. Foto: O. Moen.

norskekysten vår og haust, særleg om hausten i oktober-november. Islomen kan ein sjeldan gong oversomre i Noreg, m.a. vart eit ind. observert i Eikangervågen den 10.7.2007.

DYKKARAR

Dvergdykker *Tachybaptus ruficollis* **Nær truga (NT)**
Hekkar ikkje her, men nokre få individ overvinstrar årlig i Nordhordland. I Lindås er arten berre observert nokre få gonger, men er truleg regelmessig vintergjest. Observert m.a i Eikangervågen 15.12.1999 og i Hindensfjorden 6.4.2011 og 25.3.2014. Hekkar i næringsrike innsjøar, og i Hordaland er arten berre funnen hekkande i Fitjar, Os og Sveio kommunar.

Toppdykker *Podiceps cristatus* **Nær truga (NT)**
Arten er observert berre ein gong i Lindås, den 27.10.2009. Toppdykkaren har ei austleg og sørleg utbreiing i Noreg, og er ein sjeldan og sporadisk gjest i Hordaland, oftast i ytre strøk.

Gråstrupedykker *Podiceps grisegena*
Fåtalig, men árviss trekkjest langs vestkysten av fylket. Enkeltindivid overvinstrar truleg i dei ytre kystkommunane. I Lindås vart 3 individ observert på ulike lokalitetar langs kyststrekninga mellom Vabø og Langøyna den 27.10.2009, og enkeltindivid er observert ved Eidsnes i 2008 og 2010.

Horndykker *Podiceps auritus*
Fåtalig haust- og vintergjest langs kysten av Hordaland. I Lindås er arten observert nokre gonger ved Eidsnes, m.a. 2 ind. 5.-8.10.2008. Arten overvinstrar fåtalig langs kysten av Hordaland, og vart funnen hekkande i Sveio i Sunnhordland i 1979 og 1980.

STORMFUGLAR

Havsvale *Hydrobates pelagicus*

Havsvala er ein liten, nattaktiv art, som berre kjem inn til land, i perioden juli-september, for å hekke. Fangst med mistnett nattestid, på Turøy i Fjell, Skogsøy i Øygarden og på Fedje, har vist at arten er ganske vanleg også langs Hordalandskysten på denne tida. Den er likevel aldri funnen hekkande her, og nærmaste kjende hekkeplass er på Sunnmøre. Havsvala førekjem svært sjeldan innaskjers. Funnet frå Lindås var eit utmatta individ som kvilte på ein lastebåt som kom inn til Mongstadbasen den 2.10.2008.

PELIKANFUGLAR

Havsole *Morus bassanus*

Einaste kjende observasjon i Lindås er eit individ ved Håvarden, den 16.4.2010. Havsula førekjem elles ganske vanleg langs heile den ytre Vestlandskysten, men kjem sjeldan innaskjers. I Noreg hekkar arten i nokre få koloniar frå Sunnmøre og nordover.

Storskarv *Phalacrocorax carbo* **Ansv. vinterbestand**
Ganske vanleg art å sjå på sjøen i trekktidene og om vinteren, t.d. i Hjelmasvågen, Hindenesfjorden og ved Gjelsvikholmane i indre Austfjorden. Storskarven har to populasjoner, eller underarter, i Noreg. Den nordlige underarten hekkar langs kysten frå Sør-Trøndelag og nordover. Tidlegare var det denne som var vanlegast å sjå langs Hordalandskysten. Dei siste par tiåra har dette endra seg, ved at den sørlege underarten, som hekkar i Europa, breier seg nordover. Den har blitt stadig vanlegare, og i 2011 vart den for første gong funnen hekkande i Hordaland, då ein hekkekoloni vart funnen på Sørøyane i Bømlo.

Toppskarv *Phalacrocorax aristotelis* **Ansv. vinterbestand**
Sjåast sporadisk og svært fåtalig i dei ytre sjøområda i Lindås. Går ikkje inn i fjordane, slik storskaven gjer. I Hordaland hekkar toppskarven fåtalig i Bømlo, Austevoll, Øygarden og på Holmengrå, nord i Fedje kommune.

STORKEFUGLAR

Gråhegre

Ardea cinerea
Vanleg å sjå, men må likevel rekna som fåtalig. Hekkar i små koloniar på under 10 par nokre stader i kommunen, m.a. på Innluro, i Hindenesfjorden og ved Fonnebostsjøen, under 100 par til saman. Koloniar ligg ofte i litt eldre granplantefelt. Gråhegner sjåast ofte enkeltvis eller i småflokkar også vinterstid, men dette kan vere andre fuglar enn dei som hekkar her.

Stork

Ciconia ciconia
Svært sjeldan trekkjest frå Europa. Observert to gonger i Lindås, første gong då eit individ vart sett på Myking i april 1990. I 2010 heldt ein stork seg ved bosspllassen i Kjевikdalen frå 1.10. til 17.11. Denne fuglen vart òg sett mange andre stader i Nordhordland i denne perioden.

ROVFUGLAR

Kvepsevåk

Sårbar (VU)

Eit individ vart sett over Lindåsmyrane 10.6.1973, og dette er den einaste kjende observasjonen av kvepsevåk i Lindås. Arten hekkar i Noreg på Sør- og Austlandet, og blir svært sjeldan observert i Hordaland (6 funn).

Glente

Milvus milvus
Eit individ vart fotodokumentert ved Eikangervåg 12.9.2008. Den sat i vegkanten og åt på eit piggsvin som nok var trafikkdrept. Glenta er ein svært sjeldan trekkjest, med berre eitt godkjent funn i Hordaland frå før (frå Sveio i 1988).

Havørn

Ansvarsart hekkebestand

Truleg hekkar det ca. 10 par i Lindås. Hekkar helst i gammal, grov furuskog, men kan òg hekke på skoglause holmar. Ungfuglar streifar mykje rundt, og havørna har etter kvart blitt eit vanleg syn. Frå eit minimum på kanskje 3 par i 1980, har havørnbestanden i Hordaland tatt seg kraftig opp. No hekkar det truleg meir enn 100 par i fylket.

Myrhauk

Sårbar (VU)

Sjeldan trekkjest. Eit ind. vart observert over Famnestadvatnet 21.10.2007. I Hordaland er myrhauk ein sjeldan hekkefugl på Hardangervidda.

Hønsehauk

Nær truga (NT)

Fåtalig hekkefugl i eldre furuskog. Truleg hekkar ca. 10 par i Lindås. Er typisk knytt til den eldre, produktive furuskogen. Arten har ofte 2-3 alternative reir innanfor territoriet som den veksler mellom.

Sporvehauk

Accipiter nisus

Hekkar på eigna lokalitetar fleire stader i kommunen. Hekkar som oftast i yngre granskog, ofte granplantefelt i hogstklasse 3-4. Mange norske sporvehaukar trekkjer ut mot kysten og sørover til Mellom-Europa om vinteren, men ein god del overvintrar. Er ikkje uvanleg å sjå i busette område vinterstid, der dei ofte tek småfugl ved fôringssbrett.

Musvåk

Buteo buteo

Sjeldan hekkefugl i Hordaland, kanskje rundt 15 par. Hekkar helst i eldre barskog. Dei siste åra har arten blitt observert ei rekke gonger i Lindås, og tid og stad for observasjonane kan tyde på at arten no hekkar årleg i kommunen. Musvåken overvintrar i Sør-Europa og nordlege Afrika.



Musvåk og ramn. Foto: O. Moen.

Fjellvåk

Buteo lagopus

Fåtalig hekkefugl i fjellområda i gode smågnagarår. Kan òg hekke i tilknytning til lynghei/fjellhei ved kysten, men dette ser ut til å ha blitt mindre vanleg dei seinare åra. Trekkfugl som overvintrar i Aust-Europa.

Kongeørn

Aquila chrysaetos

Fåtalig hekkefugl, med 2-3 par knytt til dei austlege og indre delane av kommunen. Kongeørna hekkar ikkje før i 5-6 års alderen. Ungfuglar kan sjåast på streif også ved kysten vinterstid.

Fiskeørn

Pandion haliaetus Nær truga (NT)

Sjeldan trekkjest. Observert nokre få gonger i Lindås, oftast nær Storavatnet, m.a. ved Leitet, Leivestad den 3.8.2012. Fiskeørn observert årleg på trekk/streif i Hordaland, men hekkefunn er ikkje kjent. Trekkfugl som kjem i april og trekkjer bort i september, overvintrar i Afrika.

Tårfalk

Falco tinnunculus

Fåtalig hekkefugl i fjellet. Nylig utflogne ungar vart observert i Dyrdal 10.8.2008. Kan også hekke i kyst/lyngheimråde om det finst eigna hekkeplassar i nærlieken (bergveggjar), men er ikkje regelmessig her. Nokre kan overvinstre, men dei fleste held seg lenger sør i Europa om vinteren.

Aftensfalk *Falco vespertinus*

Svært sjeldan trekk gjest med totalt 9 funn i Hordaland. Eit av desse er frå Lindås: Ein ungfugl vart sett på "Kjeiløy" (truleg Keila), 18.9.1988 (Bentz & Clarce 1990).

Dvergfalk *Falco columbarius*

Mogleg fáatalig hekkefugl i fjellområda, men hekking er ikkje sikkert påvist. Det føreligg fleire observasjonar frå Lindås, men dei fleste er frå trekktidene. Arten er utbreidd som hekkefugl i store delar av landet. Dei fleste trekkjer sørover til Vest- og Mellom-Europa vinterstid.

Jaktfalk *Falco rusticolus*

Nær truga (NT)

Ansvarsart hekkebestand

Relativt sjeldan streifgjest. Jaktfalken er ein fáatalig hekkefugl i Hordaland, og som rypespesialist er han knytt til fjellområda. Arten er ikkje funnen hekkande i Lindås, og nærmaste kjende hekkeplass ligg i nabokommunen, Masfjorden. Fylkesbestanden ligg truleg på rundt 20 par. Vaksne jaktfalkar held seg ofte i hekkeområdet gjennom heile året, men ungfuglar flyttar seg ofte ut mot kysten vinterstid.

Vandrefalk *Falco peregrinus*

Fáatalig hekkefugl. To hekkeplassar er kjent i Lindås. Vandrefalken var nesten borte som hekkefugl i Noreg på 1970-talet pga. bruk av DDT i landbruket. Etter at stoffet vart forbode har bestanden tatt seg opp att. Kanskje hekkar det opp mot 30-40 par i fylket. Arten er i stor grad trekkfugl her til lands, men fleire overvintrar langs kysten.

RIKSER OG TRANE

Vannrikse *Rallus aquaticus*

Sårbar (VU)

Sommarobservasjonar manglar, men vannriksa kan likevel ikkje heilt utelukkast som hekkefugl i Lindås. Vannriksa likar seg i takrøyrvetasjon, så Liavatnet og Torvvatnet i Eikangervassdraget er potensielle hekkeplassar. I Hordaland er vannriksa vanlegare i trekktidene og om vinteren enn om sommaren. I perioden 21.10.-3.11.2010 vart det registrert heile 19 individ ved ni ulike vatn i Lindås – overraskande høge tal. 13 av dei vart registrert i våtmarksområda ved Festevatnet, Liavatnet og Utgjerdet (O. Moen, pers. medd.). Same periode i 2011



Vannrikse held seg ofta skjult i tett vegetasjon og sjåast sjeldan så ope som her. Foto: O. Moen.

vart det registrert 7 individ. Vannriksa er vurdert som truga pga. bekkelukking, attfylling av dammar og drenering av myrområde.

Åkerrikse *Crex crex*

Kritisk truga (CR)

Var nok tidlegare (til ut på 1960-talet) ein ganske vanleg hekkefugl i slatteeng. Moderne landbruk med maskinell drift og tidleg slått har gjort at vel-lukka hekking skjer svært sjeldan. No opptrer åkerrikse nærmast berre sporadisk i Hordaland, med 3-5 individ pr. år. Det føreligg berre to nyare observasjonar frå Lindås: 1 syngande på Fammestad 9.6.2001 og 1 syngande på Hellestveit 19.6.2010. Det siste hekkefunnet i kommunen vart gjort på Keilen i 1974/1975 (Chapman 1993).

Sivhøne *Gallinula chloropus*

Nær truga (NT)

Svært fáatalig trekk- og vintergjest ved vatn og vassdrag. Det er berre tre stad- og tidfesta observasjonar i Lindås: 1 individ heldt seg ved Tveitøyna i Alverstraumen frå nov. 1973 til april 1974, 1 ind. vart sett i Eikangervassdraget ved Høyland 22.1.2001 og 1 ind. ved Alversund 21.11.2010.

Sothøne *Fulica atra*

Svært fáatalig trekk- og vintergjest ved vatn og vassdrag. Berre tre stad- og tidfesta observasjonar i Lindås: 1 ind. ved brakkvassområdet i Eikangervågen 27.9.2008, 1 ind. i Seimsvatnet 21.4.2009 og 1 ind. i Kvassnasstemma 13.4.2011. Sothøna er ein sjeldan fugl i Hordaland, men nokre få par hekkar og overvintrar i Bergen og ved Ullevatnet i Os.

Trane *Grus grus*

Sjeldan gjest under vår- og hausttrekket. Observert berre nokre få gonger, m.a. seks overflygande mot nord ved Vikanes 8.4.2001, to overflygande ved Eknnes 15.4.2006 og ein overflygande ved Lindås 24.4.2011. Trana har ei austleg utbreiing i Noreg, og hekkar i hovudsak i myrområde og våtmarker langt frå folk. Nokre få par hekkar på Hardangervidda.

VADEFUGLAR

Tjeld *Haematopus ostralegus*

Relativt vanleg hekkefugl langs kystlinja. Den er ikkje direkte talrik, men gjer mykje av seg og blir lett observert. Den er ein av dei første trekkfuglane som dukkar opp om våren, gjerne alt i byrjinga av mars. Bestandsstørrelsen er ikkje kartlagt, men ligg kanskje mellom 150 og 200 par.

Sandlo *Charadrius hiaticula*

Minst eitt par hekkar ved Mongstad, sjølv om det meste av sandstranda her no er industriområde. Utanom Mongstad er Leirvågen i Austrheim, like nord for Mongstad, den einaste kjende hekkeplasane for Sandlo i Nordhordland. 1-2 par hekkar og på Herdla i Askøy. Sandloen er elles ein ganske vanleg hekkefugl i Noreg, på sand- og grusstrender langs kysten og enkelte stader ved våtmark i fjellet, m.a. på Hardangervidda.

Boltit *Charadrius morinellus*

Sjeldan trekkjest med berre ein tid- og stadfesta observasjon frå Lindås: 1 ind. rasta i beitemarka på Keila 1.6.2011. Boltiten hekker i høgfjellsområde, m.a. på Hardangervidda, og nærmaste kjende hekkefunn er fjellet i Vaksdal kommune. Hekking i dei indre fjellområda i Nordhordland kan ikkje utelukkast.

Heilo *Pluvialis apricaria*

Heiloen er ein vanleg hekkefugl i den norske fjellheimen, m.a. i Stølsheimen, og skal også hekke i Lindås, sjølv om dette ikkje er stadfesta på mange år. I trekktaida er arten ganske vanleg på dyrkamark langs kysten, og det er ikkje uvanleg å sjå flokkar på fleire titals individ. På våren kan større flokkar samle seg i låglandet i påvente av snøsmelting i fjellet. Den 2.-3 mai 2013 heldt 100 individ seg på Lygra. Kulturmarka på Keila og Innluro på Lygra er dei sikraste stadane å observere heilo i Lindås.

Tundralo *Pluvialis squatarola*

Observert berre ein gong i Lindås: 1 individ på Utluro, 12.10.2011. Fåtalig, men årvisst trekkjest på Herdla i Askøy kommune.

Vipe *Vanellus vanellus***Nær truga (NT)**

Hekka tidlegare ganske talrikt i kulturlandskapet, men er no borte frå mange område der den har hekka «i alle år», som t.d. på Hellestveit, Skauo og Leivestad. Også dei siste fem åra har det vore ein klar bestandsnedgang på dei få gjenverande hekkeplassane i kommunen. På Skauo vart det i hekkesesongen på 1970-talet registrert over 100 individ. I 2008 var det berre 4 par her, og frå 2011 er det ikkje gjort hekkefunn i det heile. Også på Leivestad var det tidlegare opp mot 100 individ i hekkesesongen. I dag er Innluro på Lygra den sikraste hekkelokaliteten for vipe i Lindås. I dag hekker kanskje 10-30 par i heile kommunen. Effektivisering i landbruket og slått med forhaustar er årsaka til den store bestandsnedgangen, og trenden er den same i heile vipa sitt utbreiingsområde.



Hekkebestanden av vipe har gått kraftig tilbake i Lindås som i resten av Hordaland. Foto: O. Moen.

Polarsnipe *Calidris canutus*

Passerar Hordalandskysten under trekket vår og haust, og er ein årvisst gjest på Herdla i Askøy. Passerer nok årvisst innom ytre del av Lindås, men er berre observert ein gong, då eitt individ trakk forbi Ådnøya 10.8.2012.

Fjøreplytt *Calidris maritima***Ansvarsart vinterbestand**

I Sør-Noreg er fjøreplytten som hekkefugl knytt til fjellet, og den hekker enkelte stader i fjellet i Hordaland. I Lindås er arten er observert i hekketida aust for Dyrkolbotn og på Husdalsfjellet (1.7.2008), og det er sannsynlig at arten hekker i desse områda. Dei indre fjellområda i Lindås er lite undersøkt, så det er ikkje usannsynleg at den kan hekke andre stader. Om vinteren er fjøreplytten ganske vanleg langs Hordalandskysten, og kan påtreffast i småflokkar i skjergarden.

Myrsnipe *Calidris alpina*

Relativt vanleg art langs Hordalandskysten i trekktdene, særleg i august-oktober. Ein del rastar saman med andre småvadarar på holmar og skjer. Den er nok årvisst innom Lindås, men det finst få konkrete observasjoner, berre eitt individ frå Eidsnes 8.7.2008. I Hordaland hekker myrsnipa på Hardangervidda.

Brushane *Philomachus pugnax***Sårbar (VU)**

Sjåast av og til i småflokkar på beite- og dyrkamark under hausttrekket, særleg på Lygra og Keilen, ofte saman med Heilo. M.a. 35 ind. på Innluro 9.9.2012. I Hordaland hekker brushanen fåtalig på Hardangervidda.

Kvartbekkasín *Lymnocryptes minimus*

Truleg årleg, men fåtalig trekk- og vintergjest på myrar og fuktig kulturland, men blir sjeldan observert. Er svært vanskelig å oppdage, og må nærmast trakkast på før den flyg opp. M.a. eitt individ i Alversund 20.3.2008 og på Lygra 13.10.2012 og 25.3.2013. Kvartbekkasinen hekker på taigaen, i Noreg i hovedsak i Finnmark.

Enkeltbekkasín *Gallinago gallinago*

Fåtalig hekkefugl i våtmark og i fuktig kulturlandskap og beiteområde, m.a. ved Fossevatna, Skauo, Leivestad, Åse, Lygra og Hopemyrane. Artten er kjent for å lage ein særprega lyd ved å få den ytste halefjøre til å vibrere under stup. I Lindås er det registrert rundt 50 territorium, og bestanden er kanskje på rundt 100 par. Dei aller fleste enkeltbekkasinane trekkjer sørover til land i Vest-Europa om vinteren, men nokre kan overvintrie.

Dobbeltbekkasín *Gallinago media***Nær truga (NT)**

Svært sjeldan trekkjest som berre er observert ein gong i Lindås: 1 ind. i Kvamsvågen 26.10.1976. I Hordaland hekker dobbeltbekkasinen berre på Hardangervidda, og blir sjeldan sett under trekket.

Rugde *Scolopax rusticola*

Ganske vanleg hekkefugl i skogområde over det meste av kommunen, men likevel ikkje særleg talrik. Kanskje hekkar det 100-200 par i kommunen. Dei fleste av "våre" rugder trekkjer til Dei britiske øyar om vinteren. Dei returnerer i mars-april, og er ein av dei første trekkfuglane som kjem att om våren. Forsøk på overvintring er ikkje uvanleg, men dette er truleg fuglar frå nordlege bestandar. I kalde vintrar, som 2009/2010, kan store delar av overvintringsbestanden stryke med.

Lappspove *Limosa lapponica* **Ansvarsart hekkebestand**
Fåtalig, men årvisse trekkjester langs Hordalandskysten. Dei fleste blir observert på Herdla (Askøy) der flokkar på opptil fleire titals individ kan påtreffast, særleg i september. I Lindås er lappspova berre observert ein gong, eitt individ rastande på Utluro 19.9.2010, men arten er sannsynligvis ein årvisse trekkjester i ytre del av kommunen.

Småspove *Numenius phaeopus*

Fåtalig, men bort imot årvisse i trekktidene vår og haust. Sommarobservasjonar er gjort av eit par på Keila 1.6.2011 og eit individ nær Tverrvassfjellet 20.6.2006. Småspova er ein sporadisk hekkefugl i fjellet og på kysten i Sør-Noreg, men er meir talrik på myrer og tundra frå Midt-Noreg og nordover.

Storspove *Numenius arquata*

Nær truga (NT)

Fåtalig hekkefugl i kulturlandskapet, truleg 5-10 par. Bestanden er kraftig redusert dei siste tiåra, truleg pga. meir intensivt landbruk, der mange tidlegare beitemarker og llynghiområde gror att med buskar og tre. Lygra, Keila og Hopland er framleis faste hekkelokalitetar. Bestandsutviklinga har vore sterkt negativ i store delar av utbreiingsområdet, og storspova er den einaste arten i Nordhordland som òg er oppført på den globale raudlista.



Nokre få par storspove hekkar framleis i Lindås. Foto: O. Moen.

Sotsnipe *Tringa erythropus*

Sotsnipa er ein svært fåtalig trekkfugl i Hordaland, og i Lindås er arten berre registrert to gonger, sjølv om den truleg er ein årleg gjest. Eitt individ vart sett rastande på Lygra 5.6.2006 og eitt individ vart høyrte trekkande over Ådnøyna 10.8.2012.

Raudstilk *Tringa totanus* **Ansvarsart hekkebestand**
Fåtalig hekkefugl ved sjø og våtmark/kulturmark i låglandet og i enkelte fjellområde, totalt i kommunen

kanskje 10-20 par. M.a. hekkar det eit par inst i Eikangervågen og 2-3 par på Lygra. På landsbasis har låglandsbestanden blitt kraftig redusert dei siste åra, men bestanden i fjellet har vore meir stabil. Fleire lokalitetar i kulturlandskapet, som raudstilken har delt med vipa, har blitt borte dei siste åra fordi slåtten har forstyrra hekkinga. Et eksempel på dette i Lindås er ein tidlegare hekkelokalitet på Leivestad ved Storavatnet, der arten sist hekka i 2008. Raudstilken overvintrer i Afrika.

Gluttsnipe *Tringa nebularia*

Fåtalig trekkjester. Opptrer nok årleg under hausttrekket, men berre to konkrete observasjonar føreligg: To individ på Håvarden 7.8.2009 og eitt ind. i Kvernhusvika friluftsområde på Eknes 15.8.2009.

Skogsniplur *Tringa ochropus*

Først nylig vart skogsnipla funnen hekkande i Nordhordland, og aktiv kartlegging viser at arten truleg hekkar både i Lindås, Meland og Radøy kommunar. I Lindås er no tre par påvist hekkande, ved Vassel, Ringåsen og Fossevatnet. Skogsnipla hekkar helst i tilknytning til småvatn med mudderbankar i barskog. Dette er den einaste nordiske vadefuglen som berre hekkar i tre. Den byggjer ikkje reir sjølv, men brukar reir av andre trehekkande artar som t.d. måltrast. Den er ein fåtalig hekkefugl på Vestlandet, men ser ut til å ha auka utbreiinga si dei siste tiåra. Trekkfugl som kjem i april, i hovudsak frå overvintring i Afrika.

Strandsnipe *Actitis hypoleucos*

Nær truga (NT)

Ganske vanleg hekkefugl, både langs kysten og ved vatn og vassdrag opp til skoggrensa. I Lindås er til no registrert rundt 30 hekkelokalitetar, men det er grunn til å tro at bestanden er på 100-200 par. Artan er raudlista pga. ein ganske sterkt bestandsnedgang i Sverige, som gjennomfører systematiske teljingar, men det er ukjent om ei tilsvarende utvikling har funne stad i Noreg. Trekkfugl som overvintrer i Afrika.

Steinvendar *Arenaria interpres*

I Nordhordland hekkar steinvenderen svært fåtalig i Austrheim og Radøy. I Lindås er arten sett i sommarhalvåret m.a. i Grøningen sjøfuglreservat, men er ikkje påvist hekkende. Mange steinvendarar trekkjer sørover til Europa om hausten, men mange overvintrer og sjåast då ofte saman med fjøreplytt.

JOAR, MÅSAR OG TERNER

Tjuvjo *Stercorarius parasiticus*

Nær truga (NT)

Arten hekka tidlegare i dei fleste av kommunane langs den ytre Hordalandskysten, truleg òg i Lindås. Bestanden har hatt ein kraftig nedgang i heile landet dei siste 20-30 åra. Tjuvjoen kan framleis sjåast på trekk langs den ytre skjergarden av og til, men er nesten borte som hekkefugl. I eit godt år hekkar kanskje to-tre par i fylket. I Lindås er arten observert tre gonger dei siste par åra, og berre i Ytre Fensfjorden. Siste observasjon er to individ (ein lys og ein mørk) 15.7.2012. Sommaren 2013 var det truleg

hekking i Grunnosen i Austrheim, berre 3 km vest for grensa til Lindås kommune.

Hettemåse *Chroicocephalus ridibundus* Nær truga (NT)

Sjeldan hekkefugl i Nordhordland. Vart for første gong funnen hekkande i Lindås i 2012, då 3-5 par hekka i utkanten av ein fiskemåsekoloni ved Lona i Knarvik. I 2013 hadde talet auka til rundt 10 par. Sjåast elles fåtalig heile året, både ved ferskvatn og ved fjorden, men flest observasjonar utanfor hekketida. Ganske årvisst ved Kvassnesstemma, m.a. 19 individ 12.11.2009.

Fiskemåse *Larus canus* Nær truga (NT)

Ansvarsart hekkebestand

Vanleg hekkefugl fleire stader i kommunen, både ved sjøen og ved ferskvatn. Hekkar også fåtalig ved vatn i fjellet, men det er usikkert om dette også er tilfellet i Lindås. Fleire stader har fiskemåsen byrja å hekke på hustak, som i Knarvikområdet, og på Mongstad der eit titals par hekkar på konstruksjonar inne på raffineriområdet. Takhekkingsa fører ofte til konflikta med menneske, både fordi arten gir mykje lyd frå seg, og fordi den utfører skinnangrep i hekketida, særleg i ungeperioden.

Tendensen til "urbanisering" ser ein fleire stader i landet, noko som gjer at bestanden av fiskemåse gjerne blir oppfatta som aukande av "folk flest". Men nedgangen i hekkebestanden på holmar langs kysten er så sterkt (sjå figur frå Lurefjorden s. 34) at bestanden totalt sett har gått kraftig ned, og det er på bakgrunn av dette at arten er raudlista.

Hekkebestanden i Lindås er anslagsvis 200-300 par, og truleg hekkar opp mot halve bestanden i Knarvikområdet.

Mange av "våre" fiskemåsar overvintrar i landa rundt sørlege Nordsjøen og Den engelske kanal, og fuglar som held seg hos oss om vinteren er truleg ei blanding av lokale/regionale fuglar og fuglar som kjem langvegs frå.

Sildemåse *Larus fuscus*

130-160 par hekkar, fordelt på nokre få koloniar i skjærgården, ofte saman med gråmåse. Dei to største koloniane ligg på Tjuvholmen i Radfjorden (ca. 40 par) og på Kråko i Austfjorden (ca. 70 par). Sildemåsen er trekkfugl, og overvintrar i Sørvest-Europa og i Nordvest-Afrika. Den returnerer ikkje til Noreg før den er kjønnsmoden, tidlegast etter 3 år.

Gråmåse *Larus argentatus*

Ganske vanleg hekkefugl (100-200 par) på holmar, dei fleste i koloniar, men også som enkeltpar. Hekkebestanden minkar innover i fjordane. Bestanden av gråmåse ser ut til å ha vore rimelig stabil dei siste 30 åra, men dei siste åra har ungeproduksjonen vore dårlig mange stader. Mange norske gråmåsar trekker til sørlege delar av Nordsjøen i vinterhalvåret, enkelte så lang som til kysten av Frankrike. Dei gråmåsane som overvintrar langs norskekysten er

truleg ei blanding av lokale fuglar og fuglar som kjem langvegs frå.

Grønlandsmåse *Larus glaucopterus*

Sjeldan gjest frå Vest-Grønland, helst om vinteren. I alle fall fire ulike individ er observert i Lindås: Ein ungfugl (2K) vart sett ved Kvassnesstemma ved Knarvik den 7.3.2007, og ein annan ungfugl same stad 19.3.2011. Ein voksen fugl vart sett ved Skardsvågen 31.1.2012 og ved Langnesholmen 1.2.2012, dette dreier seg truleg om same fugl som heldt seg nokre dagar i Radsundet og indre Lurosen. Eit ind. (2K+) vart sett ved Mongstad 11. og 12.5.2012.

Polarstående måse *Larus hyperboreus*

Sjeldan gjest frå polarstroka. Årviss i Hordaland, men er berre observert to gonger i Lindås: Ein voksen fugl vart sett ved Fyllingsnes i Osterfjorden 15.6.1999, og ein ungfugl (2K) vart fotodokumentert i Eikangervågen 3.3.2013.

Svartbak *Larus marinus*

Ansvarsart hekkebestand

Svartbaken er sterkt knytt til marine miljø. Den hekkar i hovudsak som enkeltpar på holmar og skjer, men kan også hekke i koloniar i område med god næringstilgang. I 2012 hekka det tolv par på Kråko i Austfjorden. Både trekk- og standfugl. I hovudsak standfugl, men det skjer ei viss utskifting av individ i trekktidene. Ein del svartbakar trekkjer til kysten av Kontinentet sørover til Frankrike, og andre kjem også austfrå og overvintrar langs norskekysten. Hekkebestanden i Lindås er truleg 75-150 par.

Dvergmåse *Hydrocoloeus minutus*

Sjeldan trekkgjest i Hordaland, med totalt 25 funn. I Lindås er arten berre observert ein gong, då ein ungfugl vart sett ved Kvassnesstemma i Knarvik, den 21.5.2005.

Krykkje *Rissa tridactyla*

Sterkt truga (EN)




Ansvarsart hekkebestand

Hekkar ikkje i Hordaland, men opptrer ganske vanleg langs den ytre kyststripa utanfor hekketida. I Lindås sjåast den av og i ytre del av Fensfjorden, m.a. 3 ind. 9.10.2011.

Makrellterne *Sterna hirundo*

Sårbar (VU)

Tidlegare ein vanleg hekkefugl i koloniar på holmar og skjer, men er no fåtalig. Som elles i landet har bestanden gått kraftig tilbake, truleg pga. næringssvikt. Nokre titals par hekkar framleis, men fleire kjende hekkekoloniar i Lindås har forsvunne i løpet av dei siste 10-åra (sjå figur frå Lurefjorden s. 34). Ternene nyttar ofte same hekkeholme over fleire år, men det heller ikkje sjeldan at koloniar flyttar. Makrellterna er trekkfugl, som kjem i mai og blir til august/september. Overvintrar langs kysten av sørlege Afrika.



Hekkande fiskemåse og terner i Lurefjorden 1980 og 2011. Bestanden av fiskemåse var 596 par i 1980 og 13 i 2011, tilsvarende tal for ternebestanden var 270 og 8 par! I 2014 vart det registrert 14 par fiskemåse, men situasjonen var noko lysare for ternene med 20 par makrellterne og 36 par raudnebbterne. (Figurar: S. Byrkje-land)



Makrellterner på eit sjømerke. Fugl nr. to frå høgre er ein ungfugl. Foto: O. Moen.

Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Bestandssituasjonen for raudnebbterna er mykje lik den for makrellterna, men raudnebbterna er meir knytt til den ytre kysten, og har ikkje vore like talrik som makrellterna. Den er klart mindre vanleg enn makrellterna i fjordane. Raudnebbterna dukkar opp hos oss i mai, og trekker bort i juli-september til overvintringsområda i isbeltet rundt Antarktis.

ALKEFUGLAR

Lomvi *Uria aalge*

Kritisk truga (CR)

Hekkar ikkje i Hordaland, men observerast årleg i små tal, og ofta enkeltvis, langs kysten. I Lindås er det observasjonar frå m.a. Fensfjorden, Seimsfjorden og Eikangervåg. Ein lomvi som drukna i eit fiskegarn i Hindenesfjorden hausten 2008 var ringmerka i Nord-England.

Alke *Alca torda*

Sårbar (VU)

Hekkar ikkje i Hordaland, men observerast årleg i små tal, og ofta enkeltvis, langs kysten. Alka er mykje sjeldnare enn lomvi, og blir ikkje observert årleg i Lindås. Det føreligg observasjonar frå m.a. Fensfjorden og Seimsfjorden.

Teist *Cheppus grylle*

Sårbar (VU)

Hekkar svært spreidd og fåtalig langs Hordalandskysten, men er ikkje funnen hekkande i Lindås. Observerast av og til m.a. i Fensfjorden, og ved Håvarden føreligg det ein observasjon frå hekketida (6.6.2011).

Alkekonge *Alle alle*

Overvintrar i varierande tal langs den ytre kysten av Hordaland, og er mest vanleg i november-januar. I Lindås m.a. sett i Eikangervågen (m.a. 2.12.2011), og 12.12.2009 vart sju individ talde frå kajakk på

strekninga frå Terneskjeret til Langholmen i Fensfjorden (O. Moen, pers. medd.). Næraste hekkeområde er på Svalbard.

STEPPEHØNS

Steppehøne *Syrrhaptes paradoxus*

Fem individ vart skotne i Lindås hausten 1863 (Haftorn 1971). Arten hekkar på steppe og tørre, vegetasjonsfattige område i eit belte frå Kazakhstan til Nordaust-Kina. Funna frå Lindås vart gjort i samband med store invasjonar til Noreg og resten av Europa dette året.

DUER

Bydue *Columba livia* var. *domestica*

Blir observert av og til, men det er usikkert om det dreier seg om rømte tamduer eller "slengarar" frå byduepopulasjonen i Bergen.

Ringdue *Columba palumbus*

Fåtalig hekkefugl i skog, gjerne i tilknyting til kulturmørk, der den ofta er å sjå under næringssøk. Sjåast også i trekktidene, og særleg på hausten kan ein sjå flokkar på fleire titals fuglar. Kan også overvinstre. Trekkfugl som kjem i mars-april og trekker bort i oktober til vinterkvarter i Vest-Europa.

Tyrkerdue *Streptopelia decaocto*

Sårbar (VU)

I Norge etablerte tyrkerdua seg først på 1950-talet, og vart etter kvart eit vanleg innslag i tettstader og kulturlandskap. På 1980-talet gjekk bestanden kraftig tilbake, og siste hekkefunn i Lindås vart gjort i 1985. Etter dette er arten registrert berre sporadisk i kommunen, m.a. to individ ved Lindås sentrum 17.6.2012 og to individ på Eknes 31.7. same år.

Turteldue *Streptopelia turtur*

Sjeldan art som ikkje hekkar i Noreg. I Hordaland blir det gjerne observert 2-3 ind. årleg. I Lindås er arten observert fire gonger: 1 ind. Eikangervåg 2.5.2000, 1 ind. Høyland 21.10.2007, 1 ind. kvilande på ein båt i Fensfjorden (!) 20.10.2009, og 1 ind. heldt seg ved Øvre Eknes 17.-22.9.2011.

GAUKAR

Gauk *Cuculus canorus*

Ganske vanleg hekkefugl over heile kommunen, frå kyst til fjellet. Over ein treårsperiode vart 50 syngande hannar registrert, og ut frå avstanden mellom syngande hannar kan bestanden vere minst 100 par. Heipiplerke er vanlegaste vertssart. Sjåast ofte i kulturlandskapet under trekket på ettersommaren og hausten. Trekkfugl som dukkar opp i mai og trekker bort i juli-august til overvintringsområda i sørlege Afrika.

UGLER

Hubro *Bubo bubo*

Sterkt truga (EN)

Fåtalig hekkefugl i Lindås, knytt til opne område med llynghei og skoglause holmar. Bestanden er vanskelig å få oversikt over. Kanskje hekkar det 2-3 par i ytre delar av kommunen, men konkrete reirplassar er ikkje påvist i nyare tid.

Bestanden i Hordaland har lenge vore i tilbakegang. Dette skuldast truleg i stor grad endringar i landbruket, der attgroing av llynghei og beitemark nok har gitt dårlagare jaktmogleger. Høgspentlinjer er òg eit alvorleg og kjent problem for hubroen, både i forhold til kollisjonar og elektrokusjon (straumgjennomgang). Det er dei små linjene (22 kV) som er farlegast. Hubroen brukar gjerne stolpane som utkikkspost, og får straum gjennom seg når vingane røyrer ved to leidningar eller leidning og tverrbjelken samstundes.

Haukugle *Surnia ulula*


Haukugla er ein såkalla invasjonssart, som enkelte år kan opptre i relativt stort tal i Noreg. Slike invasjonar skjer etter gode hekkeår austpå (m.a. Russland) og etterfølgjande samanbrot i smågnagarbestanden. Arten observert fleire gonger i Lindås haust og vinter i samband med slike invasjonar, sist 1 ind. ved Fossevatna 12.10.2012 og 1 ind. ved Gardvika 1.12.2012.

Sporveugle *Glaucidium passerinum*

Austleg art som er knytt til barskog. Sjeldan i Hordaland. Hekkar truleg nokre få stader i indre del av fylket, m.a. i området mellom Voss og Granvin, men streiffuglar observerast av og til andre stader i fylket. Skal, i følgje Norsk hekkefuglatlas, ha vist indikasjoner på hekking i kommunen i 1977. Berre ein kjent observasjon frå Lindås etter dette: Eit individ sett i skogen ved Heltveit 5.1.2008.

Kattugle *Strix aluco*

Vanlegaste ugle i Lindås, men må likevel reknast som nokså fåtalig. Ved søk etter arten har så ein så langt funne 60 faste territorium, og hekkebestanden i heile kommunen er truleg 80-100 par. Hekkar helst i eldre lauvskog med tilgang på hole tre, ofte i nærlieken av kulturlandskapet. Kan òg hekke i bygningar og gamle skjorereir.



Kartfesta territorium av kattugle i Lindås, basert på registrering av syngande hannar.

Hornugle *Asio otus*

Sjeldan art i Lindås og Hordaland elles, og hekkar berre sporadisk. Hekka på Tveitøyna i Alversund i 1964 (Haftorn 1971), og i følgje Norsk hekkefuglatlas skal den ha hekka i kommunen også i 1977. Eit individ vart observert på Eidsnes 26.4.2006. Dei siste åra er arten funnen hekkande både på Radøy (2011) og i Austrheim (2010), og arten vart høyrd syngande på Utluro 23.5.2014.

Jordugle *Asio flammeus*

Regelmessig trekkfugl på kysten av Hordaland, og kan også hekke i llynhei- og fjellområde i gode smågnagarår. Den 11.6.2009 vart ei jordugle observert i flukt over llynheiane på Utluro. Dette er ein av dei få sommarobservasjonane av jordugle i ytre Hordaland. Utanom denne er einaste tid- og stadfest observasjonar frå Lindås eit ind. i Stussdal 20.10.1975 og eit i Fossemarka 5.11.1984. Jordugla førekjem truleg meir regelmessig på trekk i kommunen enn desse observasjonane tyder på.

Perleugle *Aegolius funereus*

Austleg art knytt til barskog, og sjeldan hekkefugl i Hordaland. Kan år om anna opptre invasjonssarta om hausten, og kan av og til hekke påfølgjande år. Frå Lindås er det rapportert om eit syngande individ ved Fammestad våren 2006, og eit syngande individ ved Eknes vart høyrt både i 2006, 2007 og 2008.

SEGLARAR

Tårnseglar *Apus apus*

Nær truga (NT)

Har hekka i taket på skulen på Leknes, men hekkar ikkje årlig i kommunen. Tårnsegla er likevel ein årlig og regelmessig seinsommargjest i Lindås i juli og august, men dette er truleg hekkefuglar frå Bergen på næringssøk. Arten er raudlista pga. ein ganske markert bestandsnedgang dei siste 20 åra. Tårnsegla kjem omkring midten av mai og trekker til Sør-Afrika i august.

RÅKEFUGLAR

Hærfugl *Upupa epops*

Sjeldan og sporadisk trekgjest som hekkar lenger sør og aust i Europa. Enkeltindivid førekjem nesten årlig i Hordaland, men i Lindås er arten berre observert ein gong, då eit individ heldt seg ved Vabø 24.-26.8.2004.

SPETTEFUGLAR

Vendehals *Jynx torquilla*

Sannsynleg, men svært fåtalig hekkefugl i skog, ofte nær kulturlandskapet. Eit individ vart registrert syngande på Eknes både i 2009 og 2010. Også observert ved Litlekaret 22.-23.5.2012. Vendehalsen hadde ein sterk bestandsnedgang på 1970- og -80-talet, og bestanden har halde seg låg sidan. Vendehalsen er den einaste trekkfuglen blant spettefuglane. Den kjem i april-mai og trekker bort i august-september til vinterkvarter i Afrika.

Gråspett *Picus canus*

Fåtalig hekkefugl. Gråspetten hekkar gjerne i ospesholt i litt eldre lauv- og furublandingskog, i indre strok ofte i tilknytning til litt høgareliggende furuskog. I Lindås hekkar rundt 5 par i dei høgareliggende furuskogane, særleg mellom Eikemo og Dyrkollbotn. Den 12.7.2013 vart arten først funnen hekkande i eit kystområde i Lindås, då eit nyleg utfloge kull vart sett på Ådnøya.

Gråspetten vil helst ha bestandar av gammal skog med ein viss tilgang på store ospar innan leveområdet. Hovudnæringa er maur, men går om vinteren over til vedlevande insekt, og er difor knytt til gammalskog med god tilgang på død ved. Reduksjon i arealet av gammalskog vil derfor vere negativt for arten.

Undersøkingar frå Fitjarøyane har vist at gråspetten i kyststrok kan hekke i ganske små, isolerte ospesholt, utan annan skog i nærområdet (Norsk institutt for skog og landskap). På slike stader levnearer den seg i stor grad av maur og andre insekt som den plukkar frå bakken. Om hausten er det ikkje uvanleg å sjå gråspett på næringssøk på skoglause holmar heilt ute i skjergarden.

Grønspett *Picus viridis*

Grønspetten er, kanskje ved sidan av flaggspetten, den vanlegaste av spettefuglane i Lindås. Hekkebestanden ligg kanskje på 30-40 par. Den hekkar i osp

i eldre lauv- og blandingskog. Mesteparten av maten blir tatt på bakken, spesielt maur, og oppgravne maurtuer er det ofte grønspetten som står bak.

Flaggspett *Dendrocopos major*

Fåtalig hekkefugl i bar- og lauvskog. Hekkebestanden kan truleg variere noko, men kan truleg kome opp i 30-40 par. Reirtreet er ofta osp. Flaggspetten er den vanlegaste spettearten på landsbasis. Den er meir allsidig i kosthaldet enn dei fleste andre spettane. Den et både insekt, bær og konglefrø av furu og gran. Særleg om vinteren et flaggspetten mykje konglefrø. Flaggspetten oppsøkjer gjerne foeringsplassar. Den kan også oppre invasjonsarta enkelte år, og opptrer ofte meir talrikt haust og vinter enn i hekketida.

Dvergspett *Dendrocopos minor*

Relativt fåtalig hekkefugl, helst i tilknytning til litt eldre lauvskog med god tilgang på morkne eller delvis døde tre, men kan også hekke i ganske små skogsholt i kulturlandskapet. I samband med ei nasjonal undersøking (Lislevand m.fl. 2009), vart det i 2007 gjort ei grundig kartlegging av hekkande dvergspett i Lindås (Wilhelmsen 2008), og denne viste at bestanden er større enn tidlegare antatt. Hekkebestanden er truleg 25-35 par.



Dvergspett. Foto: O. Moen.

Kvitryggspett *Dendrocopos leucotos*

Fåtalig hekkefugl i eldre skog med innslag av osp og bjørk som er reirtre. Truleg hekkar det 12-15 par i Lindås, flest i indre del av kommunen. Kvityggspetten er ein arealkrevjande gammalskogsart som krev ei viss mengd av ståande død ved innan leveområdet sitt. Hovudnæringa, i alle fall vinterstid, er larvar av treborande biller. Arten har gått kraftig tilbake innan utbreiingsområdet, og Vestlandet har truleg den største livskraftige bestanden i Vest-Europa. Intensiv skogsdrift er det viktigaste trugsmålet mot arten.

Tretåspett *Picoides tridactylus*

Tretåspetten er ikkje funnen hekkande i Hordaland, men dukkar opp på streif ein sjeldan gong. Arten er knytt til barskog. Det føreligg totalt 15 funn i fylket. Eit av desse er fra Lindås: Ein hann vart skoten ved Kolås 22.11.1970.

SPORVEFUGLAR

Songlerke *Alauda arvensis*

Sårbar (VU)

I Lindås hekkar songlerka i dag berre i lysthei- og beitemarksområda på Lygra og Keilen, med til saman 7-10 par. Dette er rundt halvparten av hekkebestanden i Nordhordland, resten hekkar på 2-3 lokalitetar på Radøy. Bestanden har gått kraftig tilbake i takt med omleggingar i landbruket og attgroing, 30-50 % nedgang frå 2000 til 2010 (Norsk rødliste for arter 2010). Trekkfugl som kjem i midten av mars og trekker bort i okt.-nov. til vinterområde i Vest-Europa, men enkelte kan overvintrie.

Fjellerke *Eremophila alpestris*

Hekkefugl frå Hardangervidda som sjeldan sjåast i låglandet og langs kysten, heller ikkje i trekktida. Er observer berre ein gong i Lindås: Eit individ på Klubben ved Tvebergøyna, den 23.2.1999.

Sandsvale *Riparia riparia*

5-15 par hekkar på Innluro og på Hjelmås. Hekkar hos oss i menneskeskapte biotopar, som sandtak og vegskjeringar, såkalla erstatningsbiotopar. Sjåast ofte på næringssøk over vatn (innsjøar og elvar), i Lindås m.a. ofte ved Kvassnesstemma ved Knarvik, der opptil 25 individ er sett samtidig. Dette er ganske sikkert hekkefuglar frå øvre Fosse i Meland, som kjem hit på næringssøk. Sandsvala er trekkfugl, som kjem i april-mai og trekker til overvintlingsområde i sørlege Afrika i august-september.

Låvesvale *Hirundo rustica*

Ganske vanlig hekkefugl i løer og uthus i jordbrukslandskap over heile kommunen. Kan også hekke i naust og under kaianlegg. Sannsynleg hekkebestand er mellom 300 og 600 par. Bestanden har gått merkbart tilbake sidan 1970- og -80-talet. På ettersommaren og hausten kan låvesvaler samle seg på felles overnatningsplassar. I takrøyrskogen ved Purkebolvatnet i Austrheim har talet vore oppe i ca. 10.000 individ. Låvesvala er trekkfugl som kjem i



Låvesvale. Foto: O. Moen.

april-mai og trekker bort i august-oktober til vinterkvartér i sørlege Afrika.

Taksvale *Delichon urbicum*

Fåtalig hekkefugl, som i Lindås først og frems er knytt til kulturlandskap og busette område, der reira er festa på bygningar. Små koloniar er registrert m.a. på Skauo, Fjellsenda og på næringsbygg på Lindås senter. Det er også en liten koloni i ein bergvegg i Husdalen. Bestanden i Lindås er anslått til 50-100 par. Trekkfugl som kjem i april-mai og trekker bort i august-oktober til vinterområde i sørlege Afrika.

Lappiplerke *Anthus cervinus*

Sjeldan trekkfugl i Hordaland, med totalt 10 funn i fylket. Eit individ vart observert næringssøkande saman med heipiplerker på Innluro 2.5.2013.

Trepiplerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl i område med halvåpen skog, både furuskog og lauvskog, over heile kommunen. Overvintrar i Afrika sør for Sahara. Kjem i april-mai, og trekker bort i august-september.

Heipiplerke *Anthus pratensis*

Svært vanleg og talrik art i lystheilandskapet og område med låg vegetasjon, også svært vanleg i fjellet. Trekkfugl som kjem i mars og trekker bort i september-oktober til Mellom- og Sør-Europa.

Skjærpiplerke *Anthus petrosus*

Ansv. hekkebest.

Fåtalig hekkefugl, neppe meir enn 20-30 par, på holmar og skjer i ytre delar av kommunen, m.a. i Lurefjorden. Trekkfugl som kjem i mars og trekker bort i september-november til kysten av Vest- og Sør-Europa. Nokre overvintrar. Noreg har kanskje meir enn 50 % av den globale hekkebestand av arten.

Gulerle *Motacilla flava*

Gulerla er berre observert to gonger i Lindås, ei sørleg gulerle (underarten *M. f. flava*) næringssøkande på Hodneland 14.5.2013 (beskrivelse er sendt LRSK), og eit overflygande individ (ikkje bestemt til underart) ved Fammestadvatnet 23.8.2003. Underarten *M. f. thunbergii* (såerle) hekkar fåtalig på fjellet

i indre Hordaland, særleg i Eidfjord kommune. Gul-erla sjåast fåtalig, men nesten årvisst på vår og hausttrekket langs kysten.

Sitronerle *Motacilla citreola*

Svært sjeldan trekkfugl i Hordaland, med berre sju funn totalt i fylket. Eit av desse er frå Lindås, ein ungfugl som heldt seg på beitemarka på Keilen 25.-27.8.2011.

Vintererle *Motacilla cinerea*

Fåtalig hekkefugl ved enkelte elvar og bekkar i låglandet, helst på godt skjerma stader i skog eller elvegjel. I Hordaland har arten sitt tyngdepunkt i Voss, men bestanden har ekspandert dei siste par ti-åra. Det føreligg fleire observasjonar av vintererle frå Lindås dei siste åra. Hekking er påvist ved Fjellsenda (2009) og ved Tveitavatnet i Alversund (2009, 2011 og 2012). Truleg har det også vore hekking i Fiskesetelva ved Seim dei siste åra. Observert i Kvamsvågen så tidleg som i 1976 og 1977, men utanfor hekketida.



Vintererle. Foto: F. Falkenberg.

Linerle *Motacilla alba*

Vanleg hekkefugl ved busetnad, i jordbrukslandskapet og ved vassdrag over heile kommunen. Den britiske underarten, svartryggerle, sjåast av og til i ytre delar av kommunen, særleg om våren. Linerla kjem i april og trekkjer i september-oktober til vinterkvarter i Sør-Europa og Nord-Afrika.

Sidensvans *Bombycilla garrulus*

Fåtalig, men regelmessig vinterfugl frå nordlege skogområde (hekkar i Noreg i hovudsak i dei tre nordlegaste fylka, men også fåtalig frå Trøndelag til

Hedmark). Opptrer typisk i småflokkar på 15-30 individ. Livnærar seg om vinteren av rognebær og hausbær som m.a. mispel. Blir ofte observert i busette område.

Fossekall *Cinclus cinclus*

Ganske vanleg hekkefugl ved elvar og bekkar over ein viss størrelse opp til skoggrensa. I gunstige vassdrag er tettleiken typisk ca. 1 par pr. km elv. Hekkar typisk ved fossar og stryk, men kan også hekke t.d. under bruver ved rolegare elvar. Tor Bjarte Reigstad og Olav Overvoll har over ein tiårsperiode kartlagt fossekall i fleire av vassdraga i Lindås. Dei har så langt funne 21 par/hekkeplassar, men det verkelege talet kan nok vere opp mot det dobbelte. Mange fossekallar overvintrar ved opne elvar, men ringmerking har vist at mange trekkjer til Østersjølanda om vinteren. Ein del fuglar frå indre strok trekkjer også ut mot isfrie vassdrag langs kysten.

Gjerdesmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkefugl i skog, ved kulturlandskap og i busette område. Ein god del av norske gjerdesmettar trekkjer til Vest- og Sørvest-Europa vinterstid, men mange overvintrar også langs Norskekysten. Ein enkelte særleg kalde vintrar kan ein oppleve massedød av gjerdesmett, som dramatisk reduserar bestanden, slik som i dei to vintrane 2009/2010 og 2010/2011.

Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon i heile kommunen, gjerne i nærliken av kulturmark. Kan finnast heilt opp til tregrensa, men er sjeldnare her. Trekkfugl i Noreg som kjem i april og trekkjer bort i september/oktober til overvintringsområde i Sørvest-Europa.

Raudstrupe *Erythacus rubecula*

Vanleg og talrik hekkefugl. Dei fleste hekkar i skogstereng, men mange hekkar også i kantvegetasjon og hagar i busette område. Ein god del raudstrupar overvintrar, men dei fleste er trekkfuglar som kjem i mars/april, og trekkjer sørover til Sørvest-Europa i august/september.

Blåstrupe *Luscinia svecica*

Mogleg fåtalig hekkefugl i indre og høgareliggende delar av kommunen. Hekkar svært fåtalig i Nordhordland, og berre i høgareliggende lauvskog ved våtmark. Eit syngande ind. vart observert i bjørkeskog ved Sætrevatnet, vest for Stussdalen, i juni 2010. Kjende hekkeplassar i Nordhordland er m.a. området aust for Steinslandsstølen i Modalen og Stordalen i Masfjorden. Blåstrupa er den einaste hekkefuglen i Hordaland som sannsynlegvis overvintrar i Søraust-Asia (Pakistan og India).

Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Fåtalig hekkefugl i høgareliggende, åpen skog, som ved Sætrevatnet og ved DNT si turisthytte. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer sørover til Afrika i august/september.

Buskskvett *Saxicola rubetra*

Relativt fåtalig hekkefugl, helst i ope terreg med spreidd vegetasjon, gjerne ved beitemark og fuktenger i kulturlandskapet. Hekkebestanden i Lindås er kanskje 75-100 par. Trekkfugl som kjem fra slutten av april og trekker bort i august-oktober til vinsterområde i Afrika sør for Sahara.

Svartstrupe *Saxicola torquata*

Nær truga (NT)

Sjeldan art i Noreg, og er hos oss knytt til kystlynghei. Vart påvist hekkande første gong i Noreg i 1974, på Ågotnes i Fjell kommune. Bestanden har vore låg og ustabil, og tidvis heilt borte, men fra 1990-talet har den vore årvis i fylket. Trekkforholda veit vi lite om, men arten kan overvintrer. Den er då avhengig av relativt milde vintrar. Det er mogleg at den norske bestanden er avhengig av "påfyll" fra den britiske bestanden.

Svartstrupen hekker nok no årleg i Hordaland, men talet kan variere, og det er neppe snakk om meir enn ca. 10 par.

I Lindås er svartstrupa berre observert ein gong: Ein hann på Risa-Hopemyrane 11.10.2006 (O.K. Spikkeland). Dei siste åra har arten blitt observert bort imot årlig i nabokommunen Austrheim, der det i 2009 òg vart gjort eit hekkefunn, så det er grunn til å tru at arten òg av og til er innom lystheimråda i ytre del av Lindås.

Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Fåtalig hekkefugl i kulturlandskap i låglandet og i fjellet. Var tidlegare ein karakterart i stølsområde. Bestanden i låglandet har gått tilbake, truleg som følgje av attgroing av det gamle kulturlandskapet. I låglandet i Lindås hekker kanskje 20-40 par, men bestanden i fjellet er ukjent. Steinskvetten overvintrer i Vest-Afrika sør for Sahara. Kjem i april-mai og trekker bort i september-oktober.



Steinskvett. Foto: O. Moen.

Ringtrast *Turdus torquatus*

Fåtalig hekkefugl, helst i område i og like ovanfor skoggrensa i dei indre, fjellrike delane av kommunen. Hekkar m.a. i Dyrdal, Husdalen og Dyrkolbotn. Ringtrasten er trekkfugl som kjem i april-mai og trekker bort i september-oktober til vinterkvarter i Nord-Afrika.

Svarttrast *Turdus merula*

Vanleg og talrik hekkefugl i heile kommunen, helst i skog, men òg i hagar og kulturmark. Til dels trekkfugl til Dei britiske øyar, men mange overvintrar.

Gråtrast *Turdus pilaris*

Gråtrasten er ein av dei vanlegaste fuglane i Noreg, men i Nordhordland verkar den relativt fåtalig. Arten hekker i små koloniar i tilknytning til enkelte kulturlandskap i Lindås, men bestanden er kanskje ikkje på mer enn 150-250 par. Trekkfugl som kjem i april og trekker bort i oktober-november, i hovudsak til England, Belgia og Frankrike. I siste halvdel av oktober kan ein enkelte dagar sjå fleire titusen grårost (ofte saman med raudvingetrast) på sørstrekk gjennom kommunen. Enkelte år, særleg dersom det er godt med bær, kan enkelte overvinstre.

Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg og talrik hekkefugl i skogsterreg i heile kommunen. Måltrasten overvintrer i Sør-Europa, nokre òg i Nord-Afrika. Hos oss er den sommargjest frå april til september/oktober.

Raudvingetrast *Turdus iliacus*

Vanleg og talrik hekkefugl i skog og kulturmark i heile kommunen, også i fjellbjørkeskogen. Sjeldan vinterstid. Dei første fuglane kan vanlegvis høyrast syngande i starten av april. Returtrekket skjer mest i september og oktober, og går til England, Frankrike, eller dei nordlege Middelhavslanda frå Portugal til Italia.

Duetrast *Turdus viscivorus*

Sjeldan hekkefugl i eldre furuskog. Dei siste åra har arten blitt sett årleg på Eknes og ved Vassel. Det hittil einaste sikre hekkefunnet i Lindås vart gjort på Vassel, då foring av ungar vart observert i perioden 5.6.-13.6.2011, men det har vore mistanke om hekking her også tidlegare år. Trekkfugl som kjem i mars-april og returnerer til vinterkvartera sør i Vest-Europa i september-oktober.

Grashoppesongar *Locustella naevia*

Sårbar (VU)

Sjølv om det ikkje er påvist, er det sannsynlig at nokre få par hekker i kommunen.

Grashoppesongaren er først og fremst knytt til nærringsrike innsjøar med frodig vegetasjon, men den kan òg ha tilhald i frodig busk- og grasvegetasjon i kulturlandskapet. Den er ein såkalla nattsongar, som syng ein grashoppeliknande song, helst om natta, i mai-juni.

Arten har hatt aukande førekommst i Noreg sidan det første hekkefunnet, på Jæren i 1967. I Lindås vart arten første gong registrert ved austre Liavatnet, 31.5.2004. Seinare er det gjennomført målretta sok etter arten, og i alle fall sidan 2008 har arten blitt hørt årleg i kommunen, og på stadig nye stader. 2011 var eit rekordår, der arten vart registrert på nærmare ti ulike stader.

Trekkfugl som kjem tidleg i mai og trekker sørover mot overvintringsområda, truleg i Vest-Afrika, i august-september.



Grashoppesongar. Foto: O. Moen.

Sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

Sivsongaren er først og fremst knytt til innsjøar med frodig kantvegetasjon, ofte takrøyr, men førekjem også i frodig busk- og kantvegetasjon i kulturlandskapet.

På Sørvestlandet, nord for Jæren, etablerte sivsongaren seg som hekkefugl først på 1950-talet, og den hekkar no mange stader langs kysten.

I Nordhordland (Meland, Radøy, Lindås og Austrheim) ser det ut til at bestanden har auka dei siste ti åra, og truleg hekkar no opptil 40-50 par. I Lindås er arten framleis svært fåtalig, og truleg hekkar berre rundt fem par. Faste lokalitetar er m.a. Liavatnet på Eikanger, Fammestadvatnet og Utgjerdet.

Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i juni-august til overvintringsområda i tropisk Vest-Afrika.

Myrsongar *Acrocephalus palustris*

Svært fåtalig, vår- og sommargjest. Helst knytt til frodig våtmark, men er ikkje knytt til vatn og takrøyrskog slik røysongaren er.

Myrsongaren vart første gong funnen hekkande i Noreg ved Tønsberg i 1970. No hekkar den rundt Oslofjorden, langs sørlandskysten, og spreidd vidare nordover, men er framleis ein sjeldan art i Hordaland. Hittil er det gjort rundt 20 funn i fylket. Arten er påvist hekkande i Myrkdalsdeltaet i Voss.

I Nordhordland er sju syngande hannar observert frå 2009 til 2014 (to i Meland, to i Radøy og tre i Lindås). Funna i Lindås er syngande individ ved Fyllingen, Hjelmås 15.-16.6.2009, ved Hopsvatnet 17.-21.6.2013 og på Hundvin 29.5.2014.

Trekkfugl som kjem i mai/juni og trekkjer bort i august-september. Overvintrar i Aust-Afrika og Sør-aust-Afrika.

Røysongar *Acrocephalus scirpaceus*

Svært fåtalig, vår- og sommargjest. Knytt til frodig våtmark, helst vatn med takrøyrskog.

Første hekkefunn av røysongar i Noreg vart gjort ved Borrevatnet i Vestfold i 1947. Arten har ei liknande utbreiing som myrsongar: Rundt Oslofjorden og langs sørlandskysten, men er meir sjeldan og spreidd nord for Karmøy.

I Nordhordland er det gjort fire funn frå 1998 til 2009 (to i Radøy, ein i Austrheim og ein i Lindås). Observasjonen i Lindås var av eit syngande individ ved Espelandsvatnet 7.6.2007. Også sjeldan art i Hordaland elles, med vel 40 funn.

Trekkfugl som kjem i slutten av mai og trekkjer bort frå juli til oktober. Overvintrar i tropisk Afrika.

Gulsongar *Hippolais icterina*

Relativt fåtalig hekkefugl. Hekkebestanden i Lindås kan vere rundt 100 par. Arten likar seg i tette, fuktige lauvskogar, men kan også halde til i annan frodig skog. Arten har blitt kalla bastardnattergal pga. den kraftige og varierte songen. Trekkfugl som kjem nokså seint i mai og trekkjer bort i juli-august til vinterkvartér i tropisk Afrika.

Møllar *Sylvia curruca*

Sjeldan, men truleg bort i mot årvisse hekkefugl, sjølv om hekking ikkje er påvist. Fåtalig hekkefugl i fylket elles. Knytt m.a. til skogkantar med låg buskvegetasjon, og beitemarker med spreidde tre og buskar, gjerne einer. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i august-oktober. Overvintrar i Aust-Afrika.

Tornsongar *Sylvia communis*

Stadvis vanleg hekkefugl i kant- og buskvegetasjon i relativt åpne område som beitemark og llynghei med innslag av einer. Særleg i dei vestre delar av kommunen kan den lokalt vere ganske vanleg. Bestandsanslag for Lindås er 200-400 par. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i august-september, til overvintringsområde sør for Sahara.

Hagesongar *Sylvia borin*

Fåtalig hekkefugl i frodig lauvskog. Songen kan lett forvekslast med munken, som er ein svært vanleg art. Hagesongaren er relativt fåtalig som hekkefugl i heile Hordaland, men ringmerking har vist at den kan vere ganske vanleg i trektidene, særleg om hausten. Kjem i mai og trekkjer bort i juli-september til tropisk Afrika.

Munk *Sylvia atricapilla*

Vanleg hekkefugl i frodig lauvskog. Bestandsanslag for Lindås er 500-1000 par. Trekkfugl som kjem i april-mai og trekkjer bort i september-november til overvintringsområde rundt Middelhavet. Nokre kan også overvintre.

Gulbrynsongar *Phylloscopus inornatus*

Sjeldan trekkgjest frå den asiatiske delen av Russland. Opptrer årvisst i ytre Hordaland i trektida om hausten. I Lindås er arten observert tre gonger på Eknes (25.9.2005, 19.10.2005 og 1.-2.10.2014), og eingong på Keila (30.09.2014).

Bøksongar *Phylloscopus sibilatrix*

Sjeldan art både i Lindås og i Hordaland elles. Kan ha hekka i området ved bøkeskogen på Vollom. Her vart det observert ein syngande fugl to år på rad: 23.5.1988 og 21.5.1989. Ein hann vart òg høyrd her 12.6.2012, og mellom 13.5. og 9.6.2014 vart to syngande hannar registrert. Bøksongaren likar seg best i litt lysopen skog, men er ikkje spesielt knytt til bøk. Dei fleste funna av bøksongar i Hordaland er gjort under vårtrekket, stort sett i mai og juni månader.

Gransongar *Phylloscopus collybita*

Vanleg hekkefugl, helst i frodig lauvskog. Gransongaren er ein av dei første trekkfuglane som dukkar opp om våren, gjerne i slutten av mars under gunstige forhold. Den trekkjer bort i september/oktober til vinterområde i Middelhavslanda.

Lauvsongar *Phylloscopus trochilus*

Lauvsongaren er truleg den mest talrike hekkefuglen både i Lindås og i landet elles. Hekkar i all slags skog og buskvegetasjon, frå kysten til bjørkebeltet i fjellet. Dukkar gjerne opp dei første dagane av mai og trekkjer bort i august-september. Overvintrar i tropisk Afrika.

Fuglekonge *Regulus regulus*

Vanleg i barskogsområde, ofte eldre plantefelt med gran, over heile kommunen. Fuglekongen er den minste fuglen i Noreg. I Sør Noreg er den i hovudsak standfugl, men nokre trekkjer til kontinentet vintersid.



Fuglekonge. Foto. I. Grastveit.

Gråflugesnappar *Muscicapa striata*

Ganske vanleg hekkefugl i halvopen skog. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i august-september til vinterkvarter i tropisk Afrika.

Dvergflugesnappar *Ficedula parva*

Svært sjeldan trekkfuglest, med berre 15 funn i Hordaland. Det einaste funnet frå Lindås er ein hofugl vart som vart observert i bøkeskogen på Vollom, 11.6.1973.

Svartkvit flugesnappar *Ficedula hypoleuca*

Ganske vanleg hekkefugl. Bestandsanslag for Lindås er 200-500 par. Teljingar tyder på at den er vanlegast i lauvskogsområda ved Osterfjorden. Den hekkar i gamle meise- og spettehol, og tar gjerne i bruk fuglekassar, gjerne i hagar. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer sørover i august-september til vinterkvarter i tropisk Afrika.

Halsbandflugesnappar *Ficedula albicollis*

Svært sjeldan trekkfuglest, med berre 11 funn på landsbasis. Ein syngande hann på Hjelmås i perioden 10.-17.5.1978 er det einaste funnet av arten i Hordaland.

Stjertmeis *Aegithalos caudatus*

Relativt fåtalig hekkefugl, helst i litt rikare lauvskogsområde. Stjertmeisa er standfugl, men streifar mykje rundt i vinterhalvåret, ofte i familiegrupper på 10-15 fuglar. Kan år om anna opptre invasjonsarta. Rundt 30 hekkelokalitetar er funne i Lindås, og hekkebestanden er grovt estimert til 50-100 par.

Lauvmeis *Poecile palustris*

Ganske vanleg hekkefugl i litt rikare lauv- og blandingsskog i låglandet. Hekkar i holrom i tre, under trerøter, i steinmurar mm, og tar òg i bruk fuglekassar. Standfugl, og ofta svært stasjonær gjennom heile året.

Granmeis *Parus montanus*

Vanleg hekkefugl, både i lauvskog og barskog. Hekkar i holrom, og kan hakke ut reirhol sjølv i rotne tre. Kan òg ta i bruk fuglekassar. Går høgare opp i bjørkebeltet enn dei andre meisene. Standfugl, men kan av og til opptre invasjonsarta.

Toppmeis *Parus cristatus*

Relativt fåtalig hekkefugl i eldre, åpen furuskog. Hekkar i holrom, og kan hakke ut reirhol sjølv i rotne tre. Kan òg ta i bruk fuglekassar. Det er registrert 16 hekkelokalitetar i Lindås, og på grunnlag av dette er bestanden i kommunen noko usikkert estimert til 75-150 par.

Svartmeis *Parus ater*

Vanleg hekkefugl. Utprega barskogsfugl som helst vil ha tilgang på gran. Bestandsanslag for Lindås er over 500 par. Svartmeisa har blitt vanlegare på Vestlandet, etter kvar som fleire granplantefelt har nådd ein alder der dei produserer frø, som er næring for svarmeisa. Hekkar i holrom i tre, under trerøter, i bergsprekker mm, og kan òg ta i bruk fuglekassar.

Blåmeis *Parus caeruleus*

Vanleg hekkefugl, helst i litt rikare lauvskog, men òg i busette område. Holugar som gjerne tar i bruk fuglekassar, ventilar i hus, hol i murar o.l. Invasjonsart som kan vere svært talrik enkelte haustar.

Kjøtmeis *Parus major*

Svært vanleg hekkefugl. Førekjem i dei fleste skogtyper, og hekkar ofte i tilknytning til busetnad. Hollugar som gjerne tar i bruk fuglekassar, ventilar i hus, hol i murar o.l.

Spettmeis *Sitta europaea*

Vanleg hekkefugl i rikare lauvskog, særleg i område med eik eller hassel. Hekkar i holrom, og kan ta i bruk fuglekassar. For det meste standfugl.

Trekrypar *Certhia familiaris*

Relativt fåtalig hekkefugl. Kan finnast i dei fleste skogstypar, men helst i eldre bar og blandingskog, der reiret blir lagt bak barken på eldre tre. Delvis trekkfugl. Om vinteren streifar den ofte rundt i såkalla meiseflokkar, saman med ulike meisearter og fuglekonge.

Varslar *Lanius excubitor***Nær truga (NT)**

Årviss, men fåtalig trekk- og vintergjest i Hordaland. I Lindås er arten observert 10-15 gonger dei siste åtte åra.

Nøtteskrike *Garrulus glandarius*

Relativt fåtalig hekkefugl i barskog. Nøtteskrika har vanligare på Vestlandet dei siste 30 åra. Arten er stand- og streiffugl, og kan enkelte år opptre invasionsarta om hausten. Kjem ofte på fuglebrett på vinteren, men helst i nærheita av skogen.

Skjor *Pica pica*

Vanleg hekkefugl ved busetnad og i kulturlandskap over heile kommunen. Gjer mykje av seg, og kan derfor ofte verke meir talrik en den verkeleg er. Bestandsanslag for Lindås: Under 200 par. Standfugl.



Skjor. Foto: I. Grastveit.

Nøttekråke *Nucifraga caryocatactes*

Fåtalig hekkefugl. Hekkar gjerne i granplantefelt, men er avhengig av område med god tilgang på hassel. Om vinteren lever den stort sett av hasselnötter, som den har hamstra om hausten. For 30 år sidan var nøttekråka sjeldan på Vestlandet, men har auka utbreiingsområdet sitt, og er no stadvis ganske vanleg. Kombinasjonen av spreidde granplantefelt og gode hasselførekomstar er optimalt for nøttekråka. Bestanden i Lindås er truleg 30-50 par.

Kiae *Corvus monedula*

Førekjem fåtalig under trekket og om vinteren. Oftaast enkeltvis eller nokre få fuglar saman, men 3.4.2008 heldt 11 individ seg i Knarvik, og den 27.10.2008 flaug 55 individ over Eknas. Kaia er ein fåtalig fugl i Hordaland, som berre hekkar fåtalig i og rundt Bergen sentrum.

Kornkråke *Corvus frugilegus*

Sjeldan gjest i vinterhavåret. Enkeltindivid er observert i Knarvik tre gonger dei siste ti åra: 6.11.2002, 19.-23.3.2005 og 3.3.2008.

Svartkråke *Corvus corone*

Sjeldan gjest i Hordaland, oftaast i trekktidene og om vinteren. I Lindås er arten t.o.m. 2011 berre observert ein gong: 2 individ på Leknes 1.10.2008. Pga. forvekslingsfare med unge kornkråker, må observasjonar av svartkråke beskrivast og sendast til LRSK.

Kråke *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl i skog, og i kantskog i kulturlandskap og busetnad.

Ramn *Corvus corax*

Hekkar spreidd og fåtalig over heile kommunen, frå fjellet og ut til kysten. Reiret blir oftaast plassert under eit overhang i ein stupbratt bergvegg. Søker ofte næring på bosspllassar saman med kråker, og på bossplassen i Kjevikdalen er det nesten alltid ramn å sjå. Utanfor hekketida kan gjerne opptil 300 ramnar halde seg i området. Ramnar samlar seg ofte på faste overnatningsplassar (slik også kråka gjer).

Stare *Sturnus vulgaris***Nær truga (NT)**

Framleis ein vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturlandskapet, men i enkelte bygder har den forsvunne som hekkefugl. Bestandsestimat for Lindås: 250-500 par. Hekkar i holrom, ofte under takstein, og tar gjerne i bruk fuglekassar. Bestanden har gått markert tilbake både i Noreg og resten av Europa, og starene er difor raudlista. Årsakene til nedgangen er usikre, men kan ligge i omleggingar i landbruket. Trekkfugl som kjem i mars og trekker bort i oktober-november til vinterkvarter i Vest-Europa. Nokre få kan av og til overvintrer ved kysten.

Rosenstare *Sturnus roseus*

Sjeldan i Hordaland under trekket. Funnen berre ein gong i Lindås, då eit individ vart sett ved Mongstabasen i perioden 10.9-14.9.2014. Totalt 19 funn i fylket t.o.m. 2014.

Gråsporv *Passer domesticus*

Ganske vanleg hekkefugl i tilknytning til kulturmark og bustadområde. Hekkar i holrom, ofte under takstein. Bestandsanslag for Lindås: 100-200 par. Standfugl.

Bokfink *Fringilla coelebs*

Svært vanleg hekkefugl. Hekkar i ulike skogtyper, og er ein av våre vanlegaste fugleartar. Enkelte overvintrar, men dei fleste trekkjer til Vest-Europa

om vinteren. Kjem i mars-april og trekker bort i september-oktober.

Bjørkefink *Fringilla montifringilla*

Knytt til høgareliggende område, særlig i bjørkeskog, men førekjem òg i meir furudominert blandingsskog. I Lindås er det gjort sør etter arten fleire stader. Den er m.a. funnen hekkande på Dyrkolbotn, men ser ut til å vere ein fåtalig hekkefugl i kommunen. Sjåast regelmessig i låglandet under trekket, og særleg i bøkeskogen ved Seim kan den vere talrik på seinhausten. Dei fleste trekker ut av landet på seinhausten, til overvintringsområde i Vest-Europa, og kjem att i april.

Grønfink *Carduelis chloris*

Relativt vanleg hekkefugl knytt til skogkantar og kulturlandskap med spreidde tre og buskar. Opptrer også vanleg under hausttrekket. Overvinstrar vanleg, men mange trekker lenger sørover til Kontinentet og England, særleg i kalde, snørike vintrar. Returtrekk i mars-april. Vanleg art på fuglebrettet.

Stillits *Carduelis carduelis*

Eit nylig utfloge kull vart registrert på Myksvoll, den 22.7.2008. Dette er, så langt, det einaste hekkefunnet av arten i Hordaland. Dei siste ti åra har stillits vore ein árviss vintergjest i Lindås, mest hyppig i Alversund, med opptil 10-15 individ.

Grønsisik *Carduelis spinus*

Vanlig hekkefugl i skog, helst bar og blandingsskog, frå kysten og heilt opp mot tregrensa i indre delar av kommunen. Elles ein vanleg art, men i sterkt varierande mengder, noko som er typisk for frøspesialistar. Stand, streif og trekkfugl, alt etter kor næringstilgangen er best. Besøker ofte fuglebrettet i vinterhalvåret.

Tornirisk *Carduelis cannabina*

Hekkar fåtalig, men ikkje uvanlig i åpne kulturlandskap, llynghøie og øyar i ytre delar av kommunen, m.a. på Lygra, Keilen, Risa og Hope. Sjåast ofte i mindre flokkar om hausten, og ein flokk på ca. 150 ind. vart sett på Keilen 3.9.2009. Trekkfugl som kjem i april og trekker bort i september-oktober til vinterkvarter i Sørvest-Europa.

Bergirisk *Carduelis flavirostris*

Nær truga (NT)

Ansv. hekkebestand

Fåtalig hekkefugl. Bestanden har gått sterkt tilbake dei siste tiåra, og arten er derfor raudlista. Den er òg norsk ansvarsart, sidan rundt halvparten av verdsbestanden er antatt å hekke i Noreg. Bestandsstørrelsen i Lindås er svært uviss, og bergiriskken er berre påvist som árviss hekkefugl på Dyrdal. Truleg hekkar den både lenger ute ved kysten og på fjellet. Ganske vanleg å sjå i småflokkar i ytre delar av kommunen om hausten. Trekkfugl som kjem i april og trekker bort i september-oktober, men nokre få overvinstrar. Dei fleste norske fuglane held seg langs Nordsjøkystane om vinteren.

Brunsisik *Carduelis cabaret*

Vanleg hekkefugl knytt til kystnære furuskogsområde. Arten opptrer også vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik. Nokre overvinstrar, men dei fleste trekker ut av landet i september-oktober, truleg til nordlege delar av Kontinentet, og kjem att i april-mai.

Gråsisik *Carduelis flammea*

Truleg fåtalig hekkefugl i indre og høgareliggende delar av kommunen. Har som hekkeart langs kysten, ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i Hordaland knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot bjørkebeltet. Opptrer vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik.

Bandkorsnebb *Loxia leucoptera*

Bandkorsnebb opptrer invasjonsarta i Noreg år om anna (frå hekkeområde i Russland). Dette skjedde sist i 2011, og arten vart då observert fleire stader i Hordaland, inkludert Nordhordland. I 2013/14 vart det gjort heile 16 observasjonar av arten. Før dette føreligg det berre to konkrete observasjonar: Ein hann på Straumsøy 7.9.1996, og ei ho på Eknes 8.11.2011.

Grankorsnebb *Loxia curvirostra*

Fåtalig hekkefugl i barskogområde. Bestandsstørrelsen varierer myke, i takt med tilgangen på granfrø. Kan opptre svært vanleg haust og vinter, av og til invasjonsarta.



Ung grankorsnebb. Foto: F. Falkenberg.

Furukorsnebb *Loxia pytyopsittacus*

Fåtalig hekkefugl i barskogsområde. Foretrekker oftere furuskog enn dei andre korsnebbane. Ein tiggande ungfugl vart observert på Kjenes i april 2012, og dette er den første påviste hekkinga i Lindås. Streifar rundt i småflokkar vinterstid, gjerne i blandingsflokkar med grankorsnebb.

Dompap *Pyrrhula pyrrhula*

Relativt fåtalig hekkefugl i bar- og blandingsskog. Bestandsestimat for Lindås er ca. 200 par. Mindre flokkar blir jamleg observert vinterstid, og kjem

gjerne på fuglebrettet. Dom pap er stand og streif-fugl, og kan enkelte år opptrer invasjonsarta om hausten.

Kjernebitar *Coccothraustes coccothraustes*

Fåtalig haust og vintergjest som første gong vart registrert i Lindås den 5.05.2006, då ein fugl heldt seg ved bøkeskogen på Volumn. Om vintrane har kjernebitaren no blitt observert årleg sidan 2008. Den er og sett to gonger i hekketida, m.a. ein hann på Eknes 14.-21.5.2013. Det høgaste talet til no er 13 individ på Eidsnes den 9.1.2013.

Lappsporv *Calcarius lapponicus*

Sjeldan trekkfugl. Er truleg årviss innom kommunen, men er observert berre ein gong: To individ på Utluro 30.3.-1.4.2011. I Hordaland hekkar lappsporen fåtalig i dei austlege fjellstrøka, mest vanleg på Hardangervidda.

Snøsporv *Plectrophenax nivalis*

Fåtalig hekkefugl i dei indre fjellstrøka i kommunen. Skal i følge Norsk hekkefuglatlas vere funnen hekkande i området ved Blåfjellet-Nipefjellet ved Romarheimsdalen 15.6.1982. Trekkfugl som kjem i mars og trekker bort i oktober og november. Nokre få overvintrar langs kysten. 19 ind. vart observert ved Dyrdal 1.2.2013.

Gulsporv *Emberiza citrinella*

Nokre få par hekkar i tilknytning til kulturlandskapet. Gulsporen var langt vanlegare før, og nedgangen skuldast nok endringar i landbruket. Arten er no svært fåtalig i heile Nordhordland. Gulsporen sjåast oftare vinterstid, då enkeltindivid og småflokkar av og til dukkar opp på foringsplassar. Ein del forlet landet vinterstid, og overvintrar i Nord- og Vest-Europa.

Sivsporv *Emberiza schoeniclus*

Relativt fåtalig art, men hekkar ved fleire av våtmarksområda i kommunen, både i låglandet og opp mot tregrensa. Trekkfugl som kjem i april og trekkjer bort i september-oktober til overvintringsområde i Sørvest-Europa.

PATTEDYR

Med unntak av dei jaktbare artane, særleg hjortedyra, er førekomensten av pattedyr därlegare kjent enn fuglefaunaen. Dette gjeld i særlig grad småpattedyra (sjøpattedyra blir ikkje nærmare omtalt i denne rapporten). Dei er sky, og lever for det meste skjult, og ofte er ulike sporteikn det nærmaste ein kjem ein observasjon av dyret. Dette, i tillegg til at dei er ei mindre artsrik gruppe, er nok årsaka til at pattedyr aldri har fatta same interesse innan amatørmiljøet som fuglar. Dermed har det heller ikkje vore så stor interesse for å melde inn funn av pattedyr. Enkelte smågnagarar og flaggermus, kan dessutan vere umogleg å artsbestemme utan at ein har dei i handa.

Artsomtalane i denne rapporten bygger opplysningar i Artskart, generell kunnskap om artane si utbreiing, og dokumentasjon i dei naturhistoriske samlingane ved Universitetsmuseet Bergen (UMB).

INSEKTETARAR

Piggsvin *Erinaceus europaeus*

Ganske vanleg art i låglandet over store delar av kommunen. Piggsvinet er opphavleg ein lauvskogsart, men no er det like gjerne knytt til kulturlandskap og tettstader. Piggsvinet er svært utsett for påkøyrlar, og døde piggsvin på vegane er dessverre eit vanleg syn.

Trass i at piggsvinet ofte blir sett, veit vi lite om bestandsforholda. Truleg kan bestanden svinge i forhold til temperaturforholda. Piggsvinet har vintersøvn, og blir vinteren for lang og kald kan dyra fryse i hel. På den ca. 15 km lange strekninga av E39, mellom Eknes og Knarvik, talde M. Wilhelmsen meir enn 120 påkøyre piggsvin i 2009. I 2013 var talet berre rundt 20. Ei mogleg forklaring kan vere at den lange, kalde vinteren og våren 2013 gikk hardt ut over piggsvinbestanden.



Piggsvin. Foto: M. Wilhelmsen.

Krattspissmus (vanleg spissmus) *Sorex araneus*

Vanleg art over heile kommunen. Fleire skinn frå Lindås ligg i samlingane ved UMB.

Dvergspissmus *Sorex minutus*

Truleg vanleg art over heile kommunen. Truleg like vanleg som spissmus, men blir ofte oversett eller rekna som ein unge av krattspissmus. Det ligg fleire belegg frå Lindås (Fonnes, Dragøy og Natås) i samlingane ved UMB.

Vannspissmus *Meomys fodiens*

Det er berre fire tid- og stadfesta funn av arten i Lindås, men vannspissmusa er nok ikkje uvanleg langs vassdraga i kommunen. Eit dødt individ vart funne ved ein bekk på Eknes 9.5.2012, og tre funn er rapportert til UMB: Frå Kålås (1984), Vabø (1984) og Myking (1996). Skiljast frå krattspissmus ved at den er større og har nesten svart pels med kvit underside.

FLAGGERMUS

På grunn av vanskelig artsbestemming og skjult levesett, er flaggermus ei dyregruppe vi veit ganske lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Universitetsmuseet i Bergen (UMB) den viktigaste kjelda til kunnskap om førekomst og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet vart det gjort feltundersøkingar i samband med ei hovudoppgåve ved Universitetet i Bergen (T. Stormark). Det vart òg gjennomført undersøkingar finansiert av Fylkesmannens miljøvernavdeling (ei oppsummering er gitt av Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. upublisert). Dei siste åra har Tore Michaelsen gjort undersøkingar i fleire kommunar i Hordaland, m.a. på oppdrag frå fylkesmannen. Desse undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om flaggermus i fylket. Sju av landets 11 påviste flaggermusartar er no sikkert påvist i fylket, fire i Lindås.

Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltingssituasjon, i og med at koloniar ofte er å finne i bygningar.

Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Truleg ganske vanleg art. Vart påvist på Hundven (to individ) og Eikefet (1 ind.) i 1999, under flaggermusundersøkingar i regi av Norsk Zoologisk Forening (NZF). Vannflaggermusa jaktar på ein karakteristisk måte, lågt over vatn (også brakkvatn) og elvar.

Skjeggflaggermus *Myotis mystacinus*

Truleg ikkje uvanleg, men er sjeldan observert. Eit belegg frå Alversund 1915 ligg i samlingane ved UMB, og eit ind. vart identifisert ved ekkolokalising ved Sjausetvatnet 19.7.1999 (NZF).

Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Vanlegaste flaggermusart i Lindås, og Hordaland elles. Utbreidd i låglandet over det meste av kommunen. Held ofte til i hus, og kolonistørrelsen er typisk 50-80 dyr.

Dvergflaggermus *Pipistrellus pygmaeus*

Nest vanlegaste flaggermusart i Lindås og i Hordaland elles. Held ofte til i hus, og kolonistørrelsen kan vere opp til 300-400 dyr.

ROVDYR

Raudrev *Vulpes vulpes*

Vanleg art, knytt til skog over det meste av kommunen, men er truleg mindre vanleg i ytre del av kommunen. Kan òg drive næringssøk i kulturlandskap og ved busetnad.

Mink *Neovison vison*

Arten er vanleg i heile Lindås kommune, og er i første rekke tilknytt strandsoner og vassdrag. Det kan sjå ut til at bestanden er i nedgang, kanskje som følgje av at orterbestanden er i framgang, men dokumentasjon på dette manglar. Minken er ein nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra.



Raudrev. Foto: M. Wilhelmsen.

Røyskatt *Mustela ereminea*

Vanleg art over store delar av kommunen. Truleg vanlegast i skog og fjellområde i midtre og indre strøk.

Snømus *Mustela nivalis*

Truleg fåtalig art i Lindås. Eit individ frå Seim, 11.11.1993, i samlingane ved UMB, er einaste dokumenterte funn frå kommunen. I tillegg er eit individ frå Søreide, 7.12.1993 rapportert inn til UMB.

Mår *Martes martes*

Vanleg art i skog i midtre og indre delar av kommunen. Helst knytt til eldre skog med godt utvikla undervegetasjon. Mår og rev er næringskonkurrentar, og fleire stader er det dokumentert ein auke i mårbestanden når revebestanden er låg.

Oter *Lutra lutra*

Ansvarsart Sårbar (VU)

Fåtalig art langs kystlinja, og kan også følgje vassdrag under næringssøk. Fleire yngleplassar er kjent i kommunen. Oteren var nesten heilt borte frå Hordaland i fleire tiår, men bestanden er no i ekspansjon. Nordhordland har vore tyngdepunktet for oteren i fylket, og herfrå har den no spreidd seg sørover. Utviklinga går sakte, truleg m.a. fordi svært mange otter blir tekne i torskeruser eller blir påkøyrd.



Oter med bytte. Foto: O. Moen.

Store rovdyr

Dei store rovdyra (ulv, bjørn, jerv og gaupe) finst det ikkje lenger ynglende bestandar av i Hordaland. Streifdyr, særleg av jerv, som ynglar i fjella i indre Sogn, men også gaupe kan førekome. Også ulv og bjørn kan, teoretisk sett, dukke opp i alle landsdelar, men det er ikkje dokumentert at streifdyr har vore innom Hordaland i nyare tid.

I Lindås har det kome nokre få meldingar om streifdyr av jerv det siste tiåret, men dokumentasjon manglar. Også gaupe blir nemnt, men heller ikkje her føreligg det dokumentasjon.

Når det gjeld ulv og bjørn var nok begge desse artane innom Lindås i gammal tid, særleg bjørn, men det har nok helst vore snakk om streifdyr. Siste gaupe vart felt i Hordaland i 1876, siste jerv i 1951, siste ulv i 1868 og siste bjørn i 1905.

HAREDYR

Hare *Lepus timidus*

Ganske vanleg art, over store delar av kommunen. Blir gjerne forbunden med fjellet, men den er også vanleg i skog.

GNAGARAR

Ekorn *Sciurus vulgaris*

Vanleg art i skog over det meste av kommunen, både rikare lauvskog og barskog.

Brunrotte *Rattus norvegicus*

Finst nok fleire stader knytt til busetnad og jordbruksområde, men er neppe talrik, generelt sett. Bossplassen i Kjekvdalen ein sannsynleg lokalitet. Eit individ frå Myking, 1994, ligg i samlingane ved UMB.

Lita skogmus *Apodemus sylvaticus*

Er nok ein svært vanleg art over det meste av kommunen. Kjem ofte inn i hus, og blir derfor gjerne forveksla med husmus, som er ein innført og no svært sjeldan art i Hordaland. Ved UMB er lita skogmus dokumentert frå Nævdal og Myking.

Markmus *Microtus agrestis*

Truleg vanleg art over heile kommunen, både i kulturlandskap, i skog og i fjellet. Likevel dårleg dokumentert. Dokumentert frå Fonnes i samlingane ved UMB.

Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Truleg vanlig art over store delar av kommunen, men mindre talrik enn skogmus og markmus. Helst knytt til skogdominerte område. Dokumentert frå Nævdal i samlingane ved Zoologisk museum, Bergen.

Lemen *Lemmus lemmus*

Ansvarsart

Førekjem truleg i dei indre fjellområda i kommunen, i alle fall i enkelte smågnagarår, men dokumentasjon manglar.

HJORTEDYR

Elg *Alces alces*

Streifdyr har blitt observert ein sjeldan gong. Elgen er ikkje talrik nokon stader i Hordaland, men dei siste åra har det blitt felt ca. 40 dyr pr. år fordelt på kommunane Voss, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda.

Hjort *Cervus elaphus*

Vanleg i skog og llynhei over det heile kommunen. Utnyttar også beite i fjellet før snøen legg seg. Hjorten er utan sidestykke den største jaktressursen i kommunen. I 2012 vart det felt 536 dyr (Figur 1). Dette utgjer ei slaktevekt på omlag 29 tonn og ein førstehands kjøtverdi over 1,7 mill. kr.


Hjortebestanden har lenge vore i vekst over heile Vestlandet. Til no ser det ikkje ut til at denne veksten

har vore sterkt avgrensa av beitegrunnlaget, men redusert kondisjon og slaktevekter dei siste åra kan tyde på at dette er i ferd med å endre seg. Det kan også sjå ut til at bestandsveksten etter kvart har byrja å flate ut.

Å få til ei fornuftig forvalting av hjortebestanden er ei av dei store utfordringane i viltforvaltinga. Kor stor ein ønsker at bestanden skal vere, blir ei avvegning mellom ønsket om størst mogleg bestand i forhold til beitegrunnlaget, best mogleg kondisjon på dyra og minst mogleg beiteskadar på skog og innmark. Det er viktig at kommunane tar tak i denne problematikken og stimulerer til samanslåing av vald og

utarbeiding av bestandsplanar. Ei fornuftig valdgjennomgangsregulering er ein viktig føresetnad for å nå dei fastsattes haustingsmåla.

Når det gjeld viktige område for hjorten er det ikke heilt enkelt å peike ut velavgrensa område. Hjorten er tilpasningsdyktig og utnyttar beite der han finn det, men generelt vil dei mest produktive skogområda med godt lauvskogsinnslag vere viktige. Om vinteren, og spesielt i snørike vintrar, vil lågareliggjande, sørverdende lauvskogslier med tynt eller kortvarig snødekke kunne vere ein minimumsfaktor.



Figur 1. Tal felte hjort i Lindås 1981-2013. Tal manglar for 2008.



Hjort på beite i attgroande kystlynghei. Foto: M. J. Steinsvåg.

8. FORSLAG TIL VIDARE KARTLEGGING

Ein god del av informasjonen om viltførekommstar i Lindås byggjer på intervju og systematisering av eldre informasjon av noko ulik kvalitet. Dette gjeld særleg opplysningane om storfugl, rovfuglar og hubro. Men samanlikna med mange andre kommunar er det lagt ned ein relativt stor feltinnsats under viltkartlegginga i Lindås. Feltinnsatsen er særleg retta mot spettefuglar, men også andre artar har blitt systematisk registrert i felt. Supplerande feltinnsats vil likevel alltid kunne auke presisjonen av viltopplysningane, og ikkje minst kan det vere verdifult å fange opp endringar i viltførekommstar, anten det skuldast menneskeskapte endringar eller naturlege svingingar. Under er det foreslått nokre konkrete felt det kan vere ønskjeleg med meir kunnskap om.

Våtmarksfugl: Det ønskjeleg å få kontrollert status for dei kjende hekkeplassane for smålom i Lindås. Nokre av desse lokalitetane er ikkje kontrollerte på nokre år, og det er difor noko usikkert om dei framleis er i bruk.

Når det gjeld storlom er det viktig å overvake den einaste kjende hekkeplassen i kommunen.

Rovfuglar og ugler: Det er særleg behov for oppdatert kunnskap om hønsehauk og hubro fordi mange av opplysningane om hekkeplassar for desse artane er av eldre dato (1980-talet). Oppdatert og presis kunnskap om hønsehaukreir er særleg viktig for å kunne ta omsyn til arten i skogbruket. Når det gjeld hubro er utfordringane knytt til utbygging, 22 KV kraftlinjer og attgroing av kystlynghei. Arten har store territorium, og det er viktig å kjenne til konkrete reirplassar for å kunne ta nødvendige omsyn til arten.

Storfugl: Gjennom denne og tidlegare viltkartlegging har ein opplysningar om 14 tiurleikar i Lindås, men berre to av desse er sikkert påvist, og ein av desse er truleg i ferd med å gå ut eller har flytta (Totlandsåsen). Talet verkar høgt i forhold til tilgjengelege leveområde. Gjerde (1988, 1991) anslår ein bestandsstorleik i Lindås på knapt 50 individ og talet på leiksystem til 5-6. Wiers (2006) undersøkte ni innmeldte storfuglområde i 2005, men fann leik berre på ein. Alle moglege leikområde i Lindås bør undersøkast meir grundig, og

funn av det som truleg er faste spellassar bør plottast med GPS. Ein bør også prøve å gjere ei vurdering av storleiken på leikane, både når det gjeld utstrekning og tal på fugl. Når ein har fått oversikt over plassering og storleik på spellassane, bør desse oppsøkjast år om anna for å følgje med på talet på fugl på kvar leik.

Storfuglen er knytt til større, samanhengande område med eldre furuskog. I Lindås finst aktuelle område særleg i midtre og indre delar av kommunen, men områda i midtre strok er likevel relativ små, og ligg som "øyar" på åsar mellom jord- og skogbruksområde. Dette gjer at storfuglbestanden i Lindås nok er svak, og vil vere sårbar for ytterlegare fragmentering av aktuelle leveområde. Om ein ønskjer å behalde ein bestand av storfugl i Lindås må ein sørge for at det finst mange nok og store nok område med eldre furuskog. Dette vil òg vere positivt for andre fåtalige, skoglevande artar, som spettefuglar og hønsehauk.

Spettar: Førekomensten av spettar i Lindås er ganske godt dokumentert, men ytterlegare kartfesting av eldre ospeholt med spettehol vil vere verdifullt. Det knyter seg klart forvaltingsmessige utfordringar til det å ta vare på viktige spettelokalitetar, sidan artane har ganske store leveområde, og byter hekkeplass kvart år. Det er først og fremst artane gråspett og kvitryggspett som har forvaltingsmessig interesse.

Små pattedyr: Det er ønskjeleg med betre kunnskap om førekomst og utbreiing av småpattedyr sjølv om dette ikkje har så stor forvaltingsmessig interesse. Spor og sporteikn kan gi viktig informasjon. Når det gjeld smågnagarar og spissmus kan t.d. undersøking av gulpebollar frå kattugle gi ein peikepinn på førekomst.

Amfibium: Det er ønskjeleg å få betre dokumentasjon på utbreiing og førekomst av frosk og padde. I forvaltingsmessig samanheng kan det vere viktig å få kartfesta særleg viktige ynglelokalitetar og stader der påkjørslar er eit problem ved kryssing av veg.

9. BRUKARINTERESSER I NATUREN OG KONFLIKTAR I FORHOLD TIL VILTEL

SKOGBRUK

Mange av dei fátlige og sárbarle viltartane i Lindås er knytte til skogsmiljøa, og den enkelte skogeigar har eit viktig ansvar når det gjeld forvalting av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnytting av skogareala på høge bonitetar for tømmerproduksjon. Storfugl og hønsehauk er blant dei mest sárbarle artane i denne samanhengen. Dei områda som er mest attraktive for desse artane er samstundes dei mest attraktive for skogbruket. Tilbakegangen av begge desse artane på landsbasis har først og fremst skjedd etter 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater, treslags-skifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført til fragmentering av leveområda. Bestandskogbruket har òg negative konsekvensar for hakkespettane. Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste av desse artane, og dette er ofte manglevare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan òg vere eit problem. Særleg gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekje andre holrugande fugleartar er igjen avhengige av gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på hakkespettar kan difor få konsekvensar andre holrugande artar.

På Vestlandet er konfliktane skisserte ovanfor generelt mindre enn i dei flate, meir lettdrivne områda på Austlandet og i Trøndelag. Eigedomsforhold og bratt terremng gjer skogsdrifta mange stader vanskeleg, og store hogstflater er ikkje så vanleg. Det er likevel viktig å vere klar over problemstillinga.

Det kan ofte bli konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes økonomisk forsvarleg. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig.

Etter kvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig, og dei siste åra har skogbruket vist større interesse for å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. M.a. er det sett i gang kartlegging av lokalitetar i skog som er særleg viktige for mangfaldet av dyr og planter (MiS – Miljøregistreringar i Skog). Dei seinare åra har fleire skogeigarar m.a. deltatt på kurs i *Levande skog standarden*. Skogeigarlaget set krav om at skogsdrifta skal drivast etter denne standarden, og for å selja skog på vegne av skogeigarane, er Skogeigarlaget sertifisert av Det Norske Veritas.

Under følgjer nokre omsyn som vil vere viktige både i forhold til viltinteressene og biologisk mangfold generelt (sjå også www.levendeskog.no):

- Eit visst minimumsareal med gammal naturskog må oppretthaldast.

- Ein bør unngå hogst i bekkeklofter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.
- Mindre øyar med naturskog på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør ikkje hoggast. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Unngå grøfting av myr og "vassjuk mark".
- Ta omsyn til naturleg vegetasjon og drenering langs myrar og vassdrag. Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar/bekkar og vatn.
- Ein bør sette att kantskog mot dyrka mark.
- Sett att nokre store tre som får sjanse til å bli verkeleg gamle
- Sett att døde tre og store lauvtre, særleg osp, som reirtre og "spiskammers" virvellause dyr og spettar.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, som reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl.
- Ved vegframføring og hogst i viktige og svært viktige viltområde er det viktig at viltmyndigheitene blir tatt med i planlegginga på eit tidleg stadium.

JORDBRUK

Mange viltartar, særleg fugleartar, lever i nær tilknyting til jordbrukslandskapet, sjølv om relativt få artar er direkte knytt til slike område. Dei fleste artane ein kan sjå og høre i kulturlandskapet er primært knytt til kantvegetasjon og tilgrensande skog. Likevel er nokre artar knytt til dei opne jordbruksareala med beitemark, slåttemark og kystlynghei. Artar som i dag kan reknast som typiske kulturlandskapsartar hos oss er m.a. vipe, storspove, åkerrikse, songlerke, låvesvale, stare, skjor og gråsporv. Av desse er dei fire førstnemnde heilt knytt til dei opne jordbruksareala.

Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av. Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda. Særleg det småskala jordbrukslandskapet, som er vanleg på Vestlandet, er samansett av mange ulike biotopar som kan vere leveområde for ei rekje ulike viltartar. Særleg viktig er små skogholt og kantskog langs t.d. eigedomsgrenser, bekkar og vatn. I tillegg har dei opne jordbruksareala skapt erstatningsbiotopar for artar som er heilt knytt til opne område.

Intensivering og mekanisering av jordbruket har mange stader ført til eit meir einsarta landskap, med därlegare tilgang på ulike levestader. Tiltak i landbruket som kan vere negative for viltet er fjerning av åkerholmar og fjerning av kantskog mellom opne markar, lukking og kanalisering av bekkar, og grøfting og oppdyrkning av våtmark. Fleire av desse tiltaka er mindre aktuelle i dag, fordi det har blitt større fokus på fleirbruksomsyn. På Vestlandet gjer dessutan topografi og eigedomsforhold at dei fleste brukarar har små innmarksareal. For artar som både hekkar og hentar næring i opne jordbruksareal, som dyrka mark og beitemark, er tidleg slått og attgroing

av areal som har gått ut av drift dei største problema. Færre beitande storfe, kan truleg ha negative konsekvensar for insektetarar som låvesvale, stare og gråsporv.

Viltet på si side kan ha uønskte verknader på landbruksområdet. Mange stader har ei veksande hjortestamme ført til auka problem med beiteskadar på skog og innmark. Det er også tidvis konfliktar mellom rovdyr og sauehald i enkelte område. I Lindås er kongeørna den einaste bufaste konfliktarten i forhold til småfbedrift. Til vanleg må tap som skuldast kongeørn reknast som lite, men skadar kan oppstå av og til. I Hordaland er kongeørna jamt utbreidd over heile fylket og finst i dei fleste beiteområde for sau. Det ser ikkje ut til å vere nokon samanheng mellom nærlieken til hekkande kongeørn og tap av sau på utmarksbeite.

FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lov festa rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsel nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Særleg i yngletida er mange viltartar vare for forstyrningar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Difor er det viktig å ta omsyn til viltet under alle former for friluftsliv.

Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført bandtvang i tida mellom 1. april og 20. august.

JAKT

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsla i seg sjølv, ha ueheldige verknader på viltet, også på artar som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til ei tid på året då viltet er mindre sårbart for forstyrningar enn i hekketida.

Når det gjeld småviltet, har uttaket i samband med jakta under normale forhold liten verknad på bestandsutviklinga. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress kunne føre til reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdal 1992, Hjeljord 1994). Det er sjølvsagt grenser for kor stort jakttrykk ein bestand tåler, difor er det viktig at den lokale viltforvaltinga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går. Dette har vore ei aktuell problemstilling i Sør-Noreg dei seinare åra, i samband med låge rypebestandar.

Når det gjeld hjortevilt, er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lågare slaktevekter (generelt

dårlegare kondisjon), redusert overleving om vinteren og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere blir difor ei avveging mellom ønsket om optimal produksjon og omfanget av beiteskadar.

FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rov fuglar og ugler, har vore eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfattar som "skadenvilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkonering. I Noreg er det generelt forbod mot eggsamling, og medviten forstyrring av hekke/ynglelassar kan også i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt i Lindås er ikkje kjent, men er truleg lite. Ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast.

NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE

Bygging av bustadar, hytter, industri, hamneområde, vindparkar osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for viltet. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. Infrastruktur i samband med slike utbyggingsar, som vegar og kraftlinjer, legg også beslag på areal og fører til fragmentering av naturområda. I framtidig arealforvalting er det viktig at større utbyggingsområde ikkje blir lagt innanfor prioriterte viltområde og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka (her må ein vurdere storleik og type inngrep i kvart enkelt tilfelle).

VEGAR

Vegbygging er ofte store naturinngrep. Ein av dei største negative konsekvensane ved vegbygging er den fragmenteringa av landskapet som dette fører med seg. Særleg større vegar, med høge vegskjeringar og stor trafikk kan representera vandringshinder for enkelte viltartar. Vegframføring opnar dessutan for auka tilgjenge til område som det frå før var meir tidkrevjande å nå. Dette kan føre til auka forstyrringseffekt langt utanfor sjølve vegtraséen.

Påkøyrlar av vilt er også stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men også når det gjeld trafikktryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast.

Ved bygging av traktorvegar og skogs bilvegar er det viktig at skogetaten tar kontakt med viltforvaltingsmyndighetene, for i størst mogleg grad å unngå alvorlege konfliktar.

VASSDRAGSREGULERING

Større vassdragsreguleringar for kraftproduksjon er ikkje aktuelt i Lindås, men regulering av vassdrag,

t.d. i samband med småkraftverk, drikkevassforsyning eller smoltproduksjon, kan også ha ueheldige verknadar på viltet. Det kan føre til oversvømming av hekkeområde og därlegare næringstilgang gjennom uttørking av bekkar (t.d. därlegare produksjon av fisk, botndyr og insekt). Ein kjenner imidlertid ikkje til at slik regulering av vatn i Lindås har hatt store negative konsekvensar. Problemstillinga kan bli meir aktuell dersom ein vel å byggje ut småvassdraga, men her forventar ein ikkje at andre viltartar enn dei som er direkte knytt til sjølve vannstrenget (fossekall og vintererle) vil bli permanent påverka.

Ei ny problemstilling har blitt aktuell i samband med større behov for prosessvatn til Mongstadanlegget. Her er m.a. regulering av vatnet storlomen hekkar i ved Vågseidet aktuelt. Om dette blir realisert, kan det i verste fall føre til at storlomen forsvinn som hekcefugl i Lindås.

Vassdragsregulering i samband med drikkevassforsyning kan også ha sine positive sider, ved at nedslagsfeltet, for å unngå forureining, blir tillagt restriksjonar på friluftsaktivitetar og bygging.

KRAFTLEIDNINGAR

